



DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Vestland fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Viken fylkeskommune

Deres ref

Vår ref

Dato

22/1479

31. oktober 2022

Klima- og miljødepartementet si godkjenning av oppdatert regional plan for vassforvaltning i vassregion Vestland for planperioden 2022-2027

1. Innleiing

1.1. Oppdaterte vassforvaltingsplanar for 2022-2027

Det følger av vassforskrifta § 29 at vassforvaltningsplanane skal revurderast og om naudsynt oppdaterast kvart sjette år. Klima- og miljødepartementet har motteke *Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vestland* for planperioden 2022-2027 til godkjenning. Planen er ei oppdatering av gjeldande planar for Hordaland og Sogn og Fjordane for 2016-2021, då tidlegare vassregion Hordaland og vassregion Sogn og Fjordane er blitt slått saman til ny vassregion Vestland som følgje av regionsreforma.

Den oppdaterte planen er ein regional plan utarbeidd etter plan- og bygningslova og vassforskrifta, og vart vedteken i fylkestinget i Vestland 16. mars 2022, Innlandet fylkeskommune 7. desember 2021, Møre og Romsdal 7. desember 2021, Rogaland fylkeskommune 14. desember 2021 og Viken fylkeskommune 16. desember 2021.

Det følger av vassforskrifta § 29 at oppdatert vassforvaltningsplan skal leggjast fram for Klima- og miljødepartementet som godkjenner planen i samråd med Olje- og energidepartementet og andre departement som det gjeld. Klima- og miljødepartementet kan fastsette endringar i planen som «finnes påkrevd ut fra hensynet til rikspolitiske interesser» i

forbindelse med godkjenninga. Planen er endeleg når sentral godkjenning frå departementa ligg føre.

I tråd med vassforskrifta § 29 er den regionalt vedtekne planen oversendt Miljødirektoratet. Miljødirektoratet skal i samråd med NVE og andre direktorat som det gjeld mellom anna sikre at nasjonale føringar innanfor det enkelte direktorat sitt ansvarsområde er følgt opp, og at vassforskrifta sine krav er følgt. Direktoratene sendte si tilråding til oppdatert plan til Klima- og miljødepartementet 7. april 2022, og svar på to tilleggsoppdrag om vasskraft og avløp som er nærare gjort greie for i kap. 3.1 og 3.4 under.

1.2. Vassforskrifta og vassdirektivet

Vassforskrifta blei fastsett i 2006 som ei gjennomføring i norsk rett av EUs rammedirektiv for vatn frå 2000. Forskrifta er heimla i plan- og bygningslova, vassressurslova, naturmangfaldlova og forureiningslova. Vassforskrifta sitt formål er å beskytte, og om naudsynt betre, tilstanden i ferskvatn, grunnvatn og kystvatn.

Vassforskrifta set rammer for fastsetjing av miljømål som best mogeleg skal sikre heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane. Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand, og miljømåla skal i utgangspunktet nåast innan utgangen av gjeldande planperiode. Ei vassførekomst kan peikast ut som kunstig eller sterkt modifisert som følgje av fysiske inngrep på nærare fastsette vilkår. For kunstige og sterkt modifiserte vassførekomstar er miljømålet godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand. For grunnvatn er miljømålet god kjemisk og kvantitativ tilstand.

Forskrifta inneheld òg reglar om unntak frå miljømåla, slik som utsetjing av frist, mindre strenge miljømål og høve til å tillate ny verksemd, sjølv om dette fører til at miljømåla ikkje blir nådde eller at tilstanden blir forverra dersom gitte kriterium er oppfylte. På bakgrunn av ei vurdering av miljøtilstanden i vassførekomstane skal det fastsetjast konkrete mål for kvar einskild vassførekomst, medrekna om det er behov for fristutsetjing eller mindre strenge miljømål. For å oppfylle miljømåla skal det utarbeidast tverrsektorielle forvaltingsplanar og tiltaksprogram. Tiltaksprogrammet skal vere sektorovergripande og skal byggja på gjennomførte analysar og vurderingar, og skal oppsummere alle relevante tiltak for å oppfylle miljømåla. Dersom resultatet av overvaking eller andre data indikerer at det fastsette miljømål i ei vassførekomst ikkje vil bli nådd, skal årsaka til dette søkjast klarlagt og nye tiltak vurderast.

1.3. Generelt om departementet si godkjenning av planen

Det følgjer som nemnt av vassforskrifta § 29 at departementet i samband med godkjenninga kan fastsetje slike endringar i planen som "finnes påkrevd ut fra hensynet til rikspolitiske interesser". Dette inneber at departementet i godkjenninga skal vurdere planen i eit nasjonalt perspektiv og sjå til at planen er i samsvar med nasjonal politikk, under dette krava i vassforskrifta og nasjonale føringar. Direktoratene si tilråding til oppdatert plan har stått sentralt i departementets vurdering.

Departementet tek i si handsaming av planen stilling til eventuell usemje om planen i vassregionutvalet, jf. vassforskrifta § 26. Det er ikkje registrert usemjer i planen for Vestland.

Den framlagte planen vedteken av fylkestinga, fylkestingsvedtaka, og departementet sitt vedtak om godkjenning utgjer til saman endeleg godkjent plan. Den nasjonale godkjenninga har ført med seg endringar i miljømåla i den regionalt vedtekne planen på enkelte område. Endringane er gjort nærare greie for i kap. 3 under. Tiltaksprogram, handlingsprogram og overvåkingsprogram skal ikkje godkjennast, og det er difor ikkje teke stilling til innhaldet i desse dokumenta i departementet si godkjenning.

Departementet vil be fylkeskommunane det gjeld om å endre den regionalt vedtekne planen i tråd med departementet si godkjenning, så det går klart fram kva som er endeleg og godkjent versjon. Departementet vil i eiga brev etter godkjenninga be fylkeskommunane særskild om dette, etter at Vann-Nett er endra av direktorata i tråd med departementet si godkjenning.

1.4. Den juridiske verknaden av godkjend plan

Når den oppdaterte regionale vassforvaltingsplanen er godkjend, skal den leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2. Planvedtaket forpliktar offentlege myndigheiter til å følgje opp og gjennomføre planen. Planen vil vere eit grunnlag for statleg planlegging og vidare tiltak, budsjett og enkeltvedtak. Forpliktinga gjeld både for kommunar, statlege organ og regional myndigheit. Dei regionale vassforvaltingsplanane har ikkje direkte rettsverknad ovanfor den einskilde innbyggjar.

Med uttrykket "leggjast til grunn" er det ikkje meint at planen fører til absolutte forpliktingar av rettsleg art. Planen er likevel eit grunnlag for å reise motsegn til planforslag etter plan- og bygningslova, som kan ha rettsleg binding. Andre myndigheiter, organisasjonar eller enkeltpersonar vil ikkje kunne reise rettslege krav mot noko myndigheit på grunnlag av det som står i ein regional plan.

Både føresetnader og andre tilhøve vil kunne endre seg etter at planen er vedteken. Det kan òg oppstå situasjonar eller komme fram ny eller meir presis kunnskap i enkeltsaker som planen ikkje har fanga opp. Slike tilhøve kan tilseie andre løysingar enn det som følgjer av planen. Det må liggje føre endringar i føresetnadene, som oppdatert kunnskap, eller andre særskilde grunnar for å fråvike ein plan som er vedteken. Dette kan gjere det naudsynt å endre eller gjere unntak frå det fastsette miljømålet for neste planperiode.

Då Stortinget godkjende å ta vassdirektivet inn i EØS-avtalen, blei det presisert at ansvaret til aktuelle myndigheiter for lovverk og verkemiddel ligg fast i tråd med gjeldande ansvarsdeling, og at heimlane for å gjennomføre dei miljøforbetrande tiltaka er nedfelte i eksisterande lovgjeving.

Vassforskrifta set rammer for vassforvaltinga, men ho endrar ikkje gjeldande ansvarsdeling mellom dei ulike sektormyndigheitene. Det er sektormyndigheitene som, innanfor sine ansvarsområde, har ansvar for å utgreie tiltaka og premissane for fastsetjing av miljømål. Dei

godkjende miljømåla føreset etterfølgjande vurdering, inkludert ei nærare vurdering av konsekvensane av føreslegne tiltak for å nå dei godkjende miljømåla, og eventuelt vedtak om tiltak av sektormyndigheitene. Departementet visar i denne samanheng til Utredningsinstruksen, som gjeld for utgreiing av statlege tiltak. Dei økonomiske og administrative konsekvensane av dei godkjente oppdaterte planane er omtalt i kapittel 4 under.

1.5. Forholdet til naturmangfaldlova

Departementet meiner at vassforvaltingsplanen vil bidra til å ta vare på forvaltingsmåla for naturtypar, økosystem og arter i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Det følgjer av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit, og at vurderinga av prinsippa skal gå fram av vedtaket. Arbeidet med karakterisering og klassifisering av økologisk tilstand bidreg til å oppfylle kravet til kunnskapsgrunnlaget i § 8. Forvaltingsplanen legg økosystemtilnærming til grunn, og er slik sett i samsvar med naturmangfaldlova § 10. Førre var-prinsippet i § 9, prinsippet om at kostnadene ved miljøforverring skal berast av tiltakshavar i § 11 og prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar i § 12 vil måtte trekkjast inn ved den konkrete utforminga av det enkelte tiltaket.

1.6. Om likelydande vedtak i fylkestinga og andre signal frå vassregionane

Mange av fylkestinga har treffe to tilnærma like vedtak ved vedtakinga av oppdatert plan. Fylkestinga forutsett for det fyrste at ei eventuell endring i vassforvaltningsplanane ved sentral godkjenning gjerast i samarbeid med vassregionmyndigheitene, og dei forutsett vidare at staten framleis tek ansvar for økonomi og deltaking i planarbeidet i planperioden 2022-2027. Dei fleste vassforvaltningsplanane signaliserer òg kvar det er behov for nye juridiske, administrative eller økonomiske verkemiddel dersom vassforskriftas miljømål skal nåast innan fristane. Direktoratgruppen har òg motteke eit samla dokument frå vassregionmyndigheitene, mellom anna med ei oppmoding om nye eller forbedra verkemiddel.

Når det gjeld vedtaket om samarbeid ved endringar i planane, viser departementet til at direktorata si tilråding er sendt vassregionmyndigheitene i tråd med lovnaden frå departementet i brev 7. januar 2022. Departementet viser vidare til møtet med vassregionmyndigheitene 2. mai 2022, der Klima- og miljødepartementet, Olje- og energidepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Samferdselsdepartementet, samt Miljødirektoratet, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Fiskeridirektoratet, Landbruksdirektoratet, Kystverket, Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet og Mattilsynet, deltok. På møtet blei vassregionanes innspel og spørsmål knytt til tilrådinga og departementet si godkjenning diskutert. Departementet har tatt med seg vassregionanes innspel inn i arbeidet med denne endelege godkjenninga.

Når det gjeld vedtaket om at staten tak ansvar for økonomi og deltaking òg for planperioden 2022-2027, og også vassregionanes ønskje om vidareføring av statleg bidrag til vassområdekoordinatorar, viser departementet til departementet si presisering 27. april 2021 om

kommunanes oppgåver og ansvar i vassforvaltinga. I presiseringa understreka det at kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med vassforvaltinga, og at departementet difor bidreg med økonomisk støtte i form av koordinatorstillingar i vassområda. Klima- og miljødepartementet har dei siste åra bidratt med om lag 20 millionar kroner for å sikre at kommunane er i stand til å handtere det viktige arbeidet med vassforvaltinga, i form av koordinatorstillingar i vassområda. Vidare statlege bidrag vil bli vurdert innanfor dei til ei kvar tid gjeldande budsjetttrammer. Som nemnt i presiseringane, vil departementet samstundes understreke at vassforskrifta er basert på EU sitt vassdirektiv, som representerer eit permanent, nytt forvaltningssystem utan sluttdato. Dei regionale vassforvaltningsplanane med tilhøyrande tiltaksprogram skal oppdaterast kvart sjette år, og gjennomførast.

Vassregionane har signalisert behov for auka økonomiske midlar innan ein rekke tema. Departementet tek med seg desse innspela i dei ordinere budsjettprosessane. Departementet vil samstundes nemne at det dei siste åra har vore ein auke i midlar til statleg samfinansiering av vassmiljøtiltak, ei tilskotsordning administrert av Miljødirektoratet. Vassområdeutval, interkommunale vassprosjekt og kommunar kan her søke om stønad til miljøforbetrande tiltak og særleg restaureringstiltak. Vidare finnast det for ein del av tema der vassregionane signaliserer behov for auka midlar, som til dømes avløp, miljøgifter og landbruk, eit handlingsrom innanfor eksisterande finansieringsordningar som ikkje er fullt ut tatt i bruk, under dette mellom anna kommunale avgifter, bruk av prinsippet om at forureinar betaler, og ulike myndigheiteres tilskotsordningar til miljøtiltak.

Vassregionane uttrykkar òg behov for auka ressursar til overvaking og kartlegging. Overvaking og kartlegging er viktig for å ha eit godt avgjerdsgrunnlag for gjennomføringa av forvaltningsplanane, overvake framgang mot mål og byggje opp eit styrka kunnskapsgrunnlag for neste oppdatering av planane i 2027. Gjenståande kunnskapshull og forslag til vidare arbeid vil bli vurdert i forbindelse med evalueringa av planarbeidet 2016-2021. Statlege ressursar til overvaking vil bli vurdert i dei ordinere budsjettprosessane.

Når det gjeld vassregionanes innspel knytt til behov for nye juridiske verkemiddel innan ein rekke områder, er dette vurdert i samband med det einskilde tema i kapittel 3 under.

2. Departementet si vurdering av planprosessen og innhaldet i regional plan for vassforvaltning i vassregion Vestland

2.1 Om planprosessen

Arbeidet med regional vassforvaltningsplan skal følgje plan- og bygningslova sine generelle reglar om planlegging, mellom anna reglar om offentleg deltaking og informasjon, høyring og vedtak av plan. I tillegg har vassforskrifta særlege reglar om planlegging. Planen skal innehalde eit samandrag av offentlege informasjons- og høyringstiltak som er sette i verk, resultatane av desse og endringar i planen som følgjer av tiltaka.

I si tilråding til departementet har direktorata lagt til grunn at arbeidet med å oppdatere den regionale vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion har blitt gjennomført i tråd med

vassforskrifta og føringar. Vassregionmynda har hatt ein ryddig og oversiktleg planprosess, og invitert til møter og dialog før og etter høyring. Innspel som direktorata har gitt i høyringa er teke til følgje, men planen er noko upresis når den skal informere om kva for ansvarlege sektorstyresmakter som står bak ulike prioriteringar. Vassområda har bidrege til godt samarbeid med kommunane.

Departementet sluttar seg til direktorata sine vurderingar og anbefalingar knytt til planprosessen i Vestland vassregion.

2.2 Om innhaldet i planen

Hovudutfordringane i vassregionen er i den regionalt vedtekne planen oppgjeve til å vere sur nedbør, fysiske inngrep (vasskraft), landbruk og avløy. I tillegg er regionale prioriteringar synleggjort i planen: restaurering av vassdrag, klimatilpassing og flaumsikring, tiltak for å betre handtere overvatn, arealbruk, beskytte drikkevatt og badevatn, betre data- og kunnskapsgrunnlaget, kunnskapsdeling og ressursar til vassområda.

I den regionalt vedtekne planen er det vidare oppgjeve at det er til saman 4897 vassførekomstar i vassregion Vestland, fordelt på 3198 elver/bekker, 1084 innsjøar, 334 grunnvatn og 281 i kystvatn.

I den regionalt vedtekne planen er det mellom anna òg nemnt kor mange av vassførekomstane som i dag når miljømåla, kva målet for miljømåloppnåing i løpet av planperioden er, bruk av utsett frist etter vassforskrifta § 9 og mindre strenge miljømål etter vassforskrifta § 10.

3. Om dei enkelte påverknadane i vassregion Vestland

3.1 Vasskraft

a) Nasjonale føringar og presiseringar på området

Regjeringa ynskjer å styrke omsynet til natur og miljø i vassdrag som er påverka av vasskraft, mellom anna gjennom krav til minstevassføring og gjennom restaurering av natur og artsmangfald langs vassdrag. Mykje norsk vasskraft som vart bygd ut i perioden 1950-1970 er no opna for revisjon. Tiltak som førar til endringar i kraftproduksjonen kan òg påleggjast ved innkalling eller omgjerung. Justering av vilkår kan gje betydelege miljøforbetringar. Samtidig grip sakane inn i den regulerbare vasskrafta som skaper store verdiar for Noreg. Slepp av minstevatt, og andre restriksjonar i drifta av kraftverka og magasina, vil gje tappt kraftproduksjon og kan påverke reguleringsevne og stabilitet i nettet. Det er difor viktig å sikre ein riktig balanse mellom miljøforbetringar og omsynet til kraftproduksjon.

I brev med generelle nasjonale føringar av 19. mars 2019 frå Klima- og miljødepartementet går det fram at nasjonale føringar for vasskraft av 24. januar 2014 frå Olje- og energidepartementet og Klima- og miljødepartementet vil gjelde fram til desse blir oppdatert. At føringane frå 2014 vil gjelde òg for kommande planperiode vart presisert av departementa 9. juni 2020.

I dei generelle føringane frå 2019 vart det gjort klart at oppdateringa av vassforvaltningsplanane skal ta utgangspunkt i gjeldande planar. Miljømåla som er satt er i utgangspunktet meint å gjelde for heile direktivets levetid, men skal revurderast kvart sjette år. Ny kunnskap, endra forutsetningar, krava i vassforskrifta og nasjonale føringar kan gjere det naudsynt å gjere endringar for å sikre ei betre prioritering av innsatsen for å oppnå miljøforbetringar. Føringane peiker vidare på at det er viktig at grunngejevne endringar og konsekvensar av desse for vassmiljøet og for andre samfunnsinteresser går tydeleg fram av høyringsdokumenta og av dei vedtekne planane.

Dei nasjonale føringane for vasskraft frå 2014 skal sikre ein god balanse mellom miljøforbetringar og omsynet til kraftproduksjon. Godkjenninga av vassforvaltningsplanane i 2016 viser korleis denne balansen vart vurdert av den førre regjeringa.

I føringane frå 2014 vert det teke utgangspunkt i rapport 49:2013 som går gjennom alle konsesjonar som kan reviderast. Rapporten skil mellom vassdrag i kategori 1.1 (høg prioritet) og 1.2 (lågare prioritet), når det gjeld potensial for forbetring av viktige miljøverdier opp mot kostnadane ved slepp av vatn/magasinrestriksjonar. For å kunne vurdere mogleg redusert kraftproduksjon vart det i gjennomgangen nytta ein hydrologisk standardstorleik ("Q95") for minstevassføring. Det reelle krafttapet er likevel venta å bli betydeleg lågare, i tråd med erfaringar frå gjennomførte saker.

I dei nasjonale føringane er det lagt til grunn at vassdrag med klarast potensial for miljøforbetring til lågast mogleg kostnad skal prioriterast for miljøforbetring. Føringane slår fast at tiltak som medfører redusert kraftproduksjon som utgangspunkt berre skal leggjast til grunn for miljømål i dei høgt prioriterte vassdraga (1.1), men dersom vassregionane likevel meiner at vassdrag i kategori 1.2 eller andre vassdrag bør prioriterast, skal dette grunngevest i forvaltningsplanen. Det bør utvisast forsiktighet med å foreslå innkalling og omgjering som medfører produksjonstap, og forslag skal grunngevest.

Dei nasjonale føringane slår vidare fast at miljømålet godt økologisk potensial (GØP) skal setjast basert på realistiske miljøtiltak (positiv nytte/kost). Der GØP ikkje kan oppnåast skal miljømålet setjast som unntak i tråd med villkåra i vassforskrifta § 10 (mindre strenge miljømål). Vegledar 01:2014 om Sterkt modifiserte vassførekomstar beskriv framgangsmåten for fastsetjing av desse miljømåla, der forutsetninga om eit fungerande akvatisk økosystem står særleg sentralt for oppnåing av GØP. Saksbehandlingstid i enkeltsakene og forventa tid før eit tiltak gir ein målbar effekt, kan gjere det naudsynt å utsette måloppnåinga etter § 9 i vassforskrifta.

Den nasjonale godkjenninga har for fleire av dei oppdaterte planane ført med seg endringar samanlikna med prioriteringane i dei regionalt vedtekne planane. Det samla krafttapet i Noreg som kan følgja av miljøforbetrande tiltak er vurdert på ny og har påverka regjeringa si endelege godkjenning av den einskilde planen.

Forbetring av økologien i vassførekomstar er hovudføremålet med vassforskrifta. Dette hindrar ikkje at andre omsyn (slik som landskap og friluftsliv) kan medverke til å få sett i

gong revisjon, innkalling eller omgjering etter vassdragslovgevinga, sjølv om desse omsyna ikkje påverkar fastsetjinga av miljømålet.

Om tiltaka faktisk skal gjennomførast for å følgje opp den oppdatert planen vert vurdert etter sektorlovverket etter ei meir grunding kost/nytte-vurdering (sjå kap. 1.4 over om den juridiske verknaden av godkjend plan). Dersom sektormyndigheitene si saksbehandling viser at nytteverdien er låg i forhold til kostnadane, vil tiltaket kunne bli avvist.

b) Status for vasskraft i regionen

Vasskraftproduksjonen i eit normalår er 34,1 TWh/år i Vestland vassregion. Vassregionen har fleire av dei største vasskraftverka i Noreg, mellom anna Aurland I (2508 GWh, 840 MW) og kraftverka i Eidfjord Sy- og Lang-Sima (3530 GWh, 1120 MW).

Vasskraft er ei av hovudutfordringane i Vestland vassregion. Det er 4560 vassførekomstar i vassregionen. Av desse er 1307 registrert med påverknad frå vasskraft.

Talet på påverka vassførekomstar har auka sidan førre planperiode, som følgje av ny inndeling av vassførekomstar og det er lagt meir vekt på forhold for ål. Totalt er 995 vassførekomstar vurdert til å vere sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF).

I 2016 vart 23 vassførekomstar i Vestland vassregion godkjend av departementet med miljømål som kan føre med seg krafttap. Av desse hadde 0 frist for måloppnåing i 2021, 14 måloppnåing i 2027 og resterande 9 frist i 2033.

c) Vassregionen sine vedtekne miljømål

Vassregionen har totalt prioritert 26 vassførekomstar med miljømål som kan gje krafttap. 1 vassførekomst er prioritert ned. Godkjende miljømål frå førre plan vidareførast. 1 vassførekomst er ferdigbehandla og tatt ut av planen. Vassregionen har prioritert 1 ny vassførekomst med miljømål som kan medføre krafttap.

Samla krafttap for å nå miljømåla tilsvarar 445 GWh, fordelt med 275 GWh innan 2027 og 170 GWh innan 2033.

d) Direktoratet si tilråding

NVE og Miljødirektoratet har i si tilråding tatt utgangspunkt i dei nasjonale føringane, og gjennomgått og vurdert kostnader og nytteverdi ved kvar enkelt av dei nye miljømåla i dei regionalt vedtekne planane som kan medføre krafttap. Det er nytta same metodikk som i rapport 49/2013. Direktoratet har òg vurdert dei vassførekomstane som vart godkjend i 2016 med miljømål som kan medføre krafttap som ikkje er omfatta av rapport 49/2013, då desse i 2016 ikkje i alle høve var gjenstand for ei kost-nyttevurdering. Vassførekomstane er deretter gruppert etter nivå av kost-nytte og grunngeving i planane.

Direktoratet har i si tilråding anbefalt å vidareføre vassførekomstar frå godjenninga i 2016 der miljømålet ennå ikkje er nådd. Vassførekomstar frå 2016 som ikkje er vidareført er fjerna frå planane, enten fordi sektorvedtak er gjennomført, miljømålet er prioritert ned eller som følge

av ein feil. Direktorata visar til at vassregionane har prioritert om lag 70 nye vassførekomstar med høgare miljømål som kan medføre krafttap (fordelt på rundt 40 vassdrag/sakar). Talet på vassførekomstar som er vidareført frå 2016 kan avvike frå godkjeningsbreva i 2016 fordi inndelinga i vassførekomstar har blitt endra.

Direktorata har som del av tilrådinga gjort ei analyse som viser konsekvensane nasjonalt for vasskraftsektoren ved ulike alternativ rangert frå lågt til høgt. Det lågaste alternativet omfattar berre vassførekomstar med miljømål som medfører krafttap som vart godkjent i 2016. Det høgaste alternativet omfattar vassførekomstar med miljømål som medfører krafttap som vart godkjent i 2016 i tillegg til alle nye vassførekomstar som vart prioritert av vassregionane. To alternativ ligg mellom lågaste og høgaste. Tabellen under viser konsekvensane i form av kostnader og nytte, samla sett for heile landet.

Alternativ	Tal på nye vassførekomstar	Kostnad	Nytte
-	-	Krafttap Q95*	Tal på nye vassførekomstar med høgast potensial for miljøforbetring
-	-	<i>GWh (min-maks)</i>	<i>VPS 4 og 5**</i>
Høgt	70	1185-2360	28
Middels høgt	40	1155-2115	22
Middels lågt	27	945-1805	14
Lågt	-	760-1500	-

* Den potensielle *kostnaden* vart beskrive som krafttap og er beregna basert på standardisert (Q95) vasslepp. Det reelle krafttapa er forventa å bli betydeleg lågare, særleg i store vassdrag.

** Den potensielle *nyten* i form av miljøforbetring er vurdert av Miljødirektoratet og NVE ut frå verdi og påverknad av inngrepet, og sortert på ein skala frå 1-5, der VP5 er høgast. Metoden er beskrevet i NVE rapport 49/2013.

Regionalt

NVE og Miljødirektoratet vurderer at ei prioritering av eit nytt vassdrag er i tråd med dei nasjonale føringane. Konsekvensane for kraftproduksjonen av miljømåla og ein vurdering av nytta sett opp mot kostnadene kunne vore noko betre synleggjort i planen. NVE og Miljødirektoratet har likevel vurdert Vetlefjordelvi til å ha god kost-nytte, dvs. eit stort potensial for forbetring av viktige miljøverdier, og med antatt lite eller moderat krafttap i samhøve med forventa miljøgevinst.

Det er likevel motsetning mellom vassregionutvalet si innstilling, fylkestinget sitt vedtak og direktorata si vurdering/tilråding i prioriteringa av Vetlefjordelvi og nedprioriteringa av Stongselva.

e) Departementet sine vurderingar, generelle prinsipp og endringar

Generelle vurderingar for alle vassregionar

Departementet har i det følgande vurdert den samla verknaden av vassregionane sine forslag i tillegg til direktorata si tilråding opp mot dei nasjonale føringane. Vidare vert nokre sentrale prinsipp og endringar som må følgast opp etter godkjenninga omtala.

Miljømål som kan medføre krafttap

Dei nasjonale føringane for vasskraft vart i 2020 vidareført uendra frå 2014, og har i denne planperioden derfor vore kjent gjennom heile prosessen for oppdatering av planane. Dette har bidrege til at planane samsvarar betre med dei nasjonale føringane enn i 2016. Det er ulikheiter mellom vassregionane i korleis føringane er følgt. Direktoratata peiker på at prioriteringar innan vasskraft er presentert på ulike vis og delvis er uklare. I fleire av dokumenta går det ikkje tydeleg fram kva vassførekomstar som er føreslått med miljømål som kan medføre krafttap. Kost-nyttevurderingar av miljømål og tiltak er i fleire tilfelle mangelfulle. Direktoratata har i si tilråding lagt vekt på å få til ein meir likearta framstilling som grunnlag for ei heilskapleg, nasjonal vurdering. Ei slik samla nasjonal tilråding frå direktorata var ikkje ein del av prosessen i 2016.

Miljømåla for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF)

Rettleiaren for SMVF og dei nasjonale føringane skildrar prosessen og avvegingane for å kome fram til miljømålet for den einskilde vassførekomsten. Miljømåla for SMVF vert sette ut frå antatt verknad av summen av alle "realistiske tiltak". At eit tiltak er realistisk tyder at nytten for samfunnet vert vurdert som større enn kostnaden.

NVE og Miljødirektoratet har i si tilråding gjennomgått og vurdert kostnadar og nytteverdi ved kvart enkelt av dei nye miljømåla i dei regionalt vedtekne planane som kan medføre krafttap etter same metodikk som i rapport 49/2013. Dei har etter same metodikk òg vurdert dei vassførekomstane som blei godkjent i 2016 med miljømål som kan medføre krafttap som ikkje er omfatta av rapport 49/2013. Vassførekomstane er deretter gruppert etter nivå av kost-nytte og grunngeving i planane.

Det er i vedlegg 2 angitt kva for sterkt modifiserte vassførekomstar som må gjennomføre tiltak som medfører krafttap for å nå målet om godt økologisk potensial (GØP). For dei vassførekomstane som ikkje får godkjent miljømål som medfører krafttap vert miljømålet endra til dagens tilstand ved denne godkjenninga. Dagens tilstand er lik GØP dersom alle realistiske tiltak er gjennomført og vassførekomsten har eit fungerande økosystem. Dersom dette ikkje er tilfellet skal miljømålet vere mindre strenge miljømål etter vassforskrifta § 10. Om dagens tilstand oppfyller minstemålet for GØP (fungerande akvatisk økosystem) eller ikkje, vil gå klart fram og verte oppgjeve i Vann-Nett. Departementet vil sikre at dette vert gjennomført etter godkjenninga og før planen vert rapportert til ESA. Departementet vil i samråd med Olje- og energidepartementet gje eit eige oppdrag til direktorata om dette.

Miljømål for naturlege vassførekomstar

Vassførekomstar som er prega av vasskraftutbygging skal ikkje peikast ut som SMVF dersom god tilstand allereie er nådd eller med rimelegheit kan nåast.

Det er oppgjeve i vedlegg 2 kva for naturlege vassførekomstar prega av vasskraftutbygging som med rimelegheit kan nå god økologisk tilstand (GØT) gjennom tiltak som kan gje krafttap. Dei andre vassførekomstane som i planen er sett som naturlege vassførekomstar, som er påverka av vasskraft og som ikkje med rimelegheit kan nå GØT grunna påverknad frå vasskraft er per definisjon SMVF. Det kan finnast realistiske tiltak for å betre miljøtilstanden også for desse, men miljømålet er då eventuelt sett som GØP eller lågare (mindre strenge miljømål – MSM).

Bruk av tidsutsetjing

Det har ved godkjenninga vore behov for å nytte tidsutsetjing av måloppnåinga for fleire vassførekomstar. Kva tidspunkt ein ventar at målet vil vere nådd kjem an på fleire faktorar. Erfaringar frå fyrste planperiode viser at mange av sakane er komplekse og tar tid. Departementet har difor justert fristane for måloppnåing i tråd med vassforskrifta § 9 slik at planane kan vere realistiske å gjennomføre gjennom sektorvedtak. Det vil seie at enkelte vassførekomstar som i førre planperiode fekk tidsutsetjing til 2021, no får tidsutsetjing til 2027. Årsaka til utsetjinga er lenger saksbehandlingstid enn fyrst antatt. Når det gjeld måloppnåing for 2027, er den fastsett for vassførekomstar der den einskilde sak har kome lengst i behandlinga.

Vassførekomstar med godkjende miljømål som ikkje vil medføre krafttap

For vassførekomstar prega av vasskraftproduksjon med miljømål basert på tiltak som *ikkje* medfører tap av kraftproduksjon, til dømes med heimel i standardvilkåra i vasskraftkonsesjonar (tersklar, fisketrappar, biotopjusterande tiltak og liknande), har departementet godkjent desse i tråd med direktorata si oppdaterte tilråding 1. juni 2022, sjå vedlegg 3.

Om tiltaka faktisk skal gjennomførast vert vurdert etter sektorlovverket etter ei meir grundig kost/nytte-vurdering. Det vil òg kunne finnast effektive miljøforbetrande tiltak kor miljømålet likevel er satt til dagens tilstand. Det vil i enkelte vassførekomstar vere miljømål som tilsynelatande står i motstrid til allereie pålagde tiltak. At ei vassførekomst ikkje har fått godkjend eit miljømål som medfører tiltak, inneberer ikkje at allereie iverksette undersøkingar og/eller miljøforbetrande tiltak ikkje skal vidareførast eller at framtidige undersøkingar og/eller miljøforbetrande tiltak ikkje skal kunne påleggjast på vanleg måte etter lovverk eller standardvilkår. Miljøforbetringar kan påleggast uavhengig av godkjente miljømål.

Vassregionane har vist til at manglande naturforvaltningsvilkår i eldre vassdragskonsesjonar og konsesjonslause anlegg avgrensar handlingsrommet for kunnskapsinnhenting og miljøforbetrande tiltak som ikkje medfører krafttap i mange vassdrag. Det følgjer av Meld. St. 25 (2015-2016) *Kraft til endring* og Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet* at det skal greiast ut korleis dagens naturforvaltningsvilkår eller andre effektive verkemiddel, meir rasjonelt enn i dag kan gjerast gjeldande for i fyrste omgang vassdrag med konsesjon der det er kjende miljøproblem. Arbeidet held fram. Departementet påpeikar at der det ikkje finnast moderne naturforvaltningsvilkår, finnast det andre verkemiddel for å nå miljømåla.

Når det gjeld vassregionane si oppfordring om at innkalling og omgjerung i større grad takast i bruk, viser departementet til direktorata si tilråding, der direktorata nemner at dei har helde seg til rammene som er gjeve i dei nasjonale føringane, og krava til kunnskapsgrunnlag for bruk av innkalling og omgjerung. Departementet si godkjenning er gjort på bakgrunn av dei nasjonale føringane og direktorata si tilråding.

Departementet sine endringar

Departementet har vedteke å godkjenne dei vassførekomstane som inngår i direktorata sitt middels-lågt alternativ (sjå omtale under e) over). Etter at direktorata oversendte si tilråding er nokre saker ferdigstilt. Antall vassførekomstar som er godkjent avviker difor noko frå direktorata si tilråding.

Departementet har i vedlegg 2 ført opp dei vassførekomstar som med dette er godkjende med høgare miljømål enn dagens tilstand og som treng nye tiltak som kan medføre krafttap for å oppfylle miljømålet. Vassførekomstar som ikkje har fått godkjent miljømålet, og dette berre er basert på tiltak som forutsett krafttap, får miljømålet endra til dagens tilstand ved denne godkjenninga.

Sett i høve til dei oppdaterte planane som er regionalt vedtatt reduserer godkjenninga talet på vassførekomstar med miljømål høgare enn dagens tilstand som medfører miljøforbetrande tiltak som kan påverke vasskraftproduksjonen. Departementet sine endringar er gjort på bakgrunn av dei nasjonale føringane og NVE og Miljødirektoratet si tilråding. Dei vassførekomstane som er godkjende sikrar etter departementet si vurdering ei riktig balanse mellom miljøforbetringar og omsynet til kraftproduksjon.

f) Økonomiske og administrative konsekvensar

Kostnadane som følgjer av planen innan vasskraftsektoren er i form av tapt energiproduksjon, investeringskostnader ved ombygging og kostnader for andre tiltak.

Planen har likevel ikkje direkte verknad, det vil først vere etterfølgande sektorvedtak som medfører kostnader. Tiltak som medfører endringar i kraftproduksjon må påleggjast ved revisjon, innkalling eller omgjerung. Dette vil òg medføre administrative konsekvensar for både vassdrags- og miljømyndigheitene ettersom gjennomføring av tiltak for å nå miljømåla innan fristane vil krevje auka saksbehandlingskapasitet.

Samla krafttap for middels-lågt alternativ er i storleiksorden 850-1740 GWh. Krafttapa for alle dei prioriterte vassførekomstane er berekna etter ein teoretisk metode. Det reelle krafttapa ved sektorbehandling er forventa å bli betydeleg lågare, i tråd med erfaringar frå gjennomførte saker.

Ei forenkla noverdiberekning av det teoretisk berekna krafttapa gjev ei samla noverdi av krafttapa for middels-lågt alternativ på i storleiksorden 5950-12180 mill. kroner. Eit krafttap på 1 TWh er grovt anslått til om lag 7 mrd. kroner.

I sektormyndigheitene si etterfølgjande saksbehandling vil det bli gjort grundigare vurderingar av samla fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg avgjerd blir teke. Det kan da vise seg at tiltak ikkje er eigna eller har ei for høg kostnad i forhold til nytta. Det er ved godkjenninga gjort endringar i den regionalt vedteke planen for å avgrense konsekvensane for kraftproduksjonen, mellom anna som følgje av manglande kost-nyttevurdering.

For å oppnå miljømål som ikkje krev krafttap kan det vere aktuelt å pålegge tiltak etter standardvilkår i gitte konsesjonar eller liknande heimelsgrunnlag. Tiltaka som ikkje inneber krafttap er skissert å ha ei kostnad på nesten 300 mill. kroner. Direktoratet understrekar at kostnadsanslaga er basert på standardiserte sjablongverdiar pr. tiltak, og difor er usikre. Tala gir berre ein indikasjon, då dei reelle kostnadane vil variere betydeleg. Meir presise kostnader vil fyrst verte avklart når sektormyndigheitene har skaffa til veie tilstrekkeleg kunnskap og utreia tiltaka gjennom saksbehandling. Dette kan føre til at føreslegne tiltak likevel ikkje vert gjennomført etter sektorbehandlinga fordi det ikkje har tilstrekkeleg nytte i forhold til kostnadene, og miljømål kan difor bli justert ned for neste planperiode. Å gje pålegg med heimel i standardvilkåra vil medføre administrative konsekvensar for miljømyndigheitene og vassdragsmyndigheitene.

3.2 Fiskeri og akvakultur

a) Nasjonale føringar og presiseringar på området

Dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdateringa av vassforvaltningsplanane (2019) kapittel 5 angjev at eit oppdatert, tverrsektorielt felles kunnskapsgrunnlag om påverknaden frå akvakultur på villfisk i vassdrag med anadrom fisk er tilgjengeleg i Vann-Nett. Forslag til tiltak i vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram etter vassforskrifta som følgje av påverknad frå lakselus og rømd oppdrettsfisk skal vere basert på dette kunnskapsgrunnlaget. Eventuelle tiltak skal fastsetjast av sektormyndigheita i tråd med relevant sektorregelverk.

b) Vedtekne miljømål og føreslegne tiltak i regionen

«Fiskeri og akvakultur» er nemnt som ei av påverknadane i Vestland sin regionale vassforvaltningsplan, og det er oppgjeve at lakselus er ei stor utfordring i Vestland vassregion.

I vassdrag som er vesentleg påverka av rømd oppdrettsfisk har Fiskeridirektoratet føreslått 27 tiltak om overvaking av innslag av rømt oppdrettsfisk og 19 tiltak om uttak av rømt oppdrettsfisk.

Når det gjeld utslepp frå akvakulturanlegg, omfattar tiltaksprogrammet tiltak om tilsyn og oppfølging i tre innsjøar med utslepp frå akvakulturverksemd i tillegg til overvaking og oppfølging av løyve i nokre av kystvassførekomstane. Det er etablert genbank for laksebestandar i 17 vassdrag i Vestland. Desse inngår som tiltak for å forbetre vandrings- og spreingsvegane i vassdraga. Som tiltak mot lakselus nemner Mattilsynet mellom anna at dei kan nekte klarering av nye lokalitetar eller utvidelse av gamle lokalitetar.

I fellesinnspelet frå vassregionmyndigheitene til direktoratsgruppa har vassregionmyndigheitene stilt spørsmål ved om dagens verkemiddel innan akvakultur er tilstrekkelege til å nå miljømåla. I mange regionar er det òg peikt på at tiltaksprogramma ikkje inneheld tilstrekkeleg med tiltak mot lakselus for å nå miljømåla, og at effektar på sjøaure ikkje er tatt med. Vidare har Vestland vassregion spesifikt bedt aktuelle departementet å vurdere om:

- trafikklyssystemet og lakselusforskrifta beskyttar vill laks og sjøaure i stor nok grad til at miljømåla på lakseførande strekning vert nådd.
- det er skissert tilstrekkeleg med tiltak for å nå miljømåla i område med vesentleg påverknad frå rømd oppdrettsfisk og/eller lakselus i Vestland.

c) Direktoratata si tilråding

Direktorata si tilråding på akvakulturområdet er ei generell tilråding og er ikkje knyttet spesifikt til dei enkelte vassregionane.

Utslepp av organisk materiale og nærings salt frå akvakulturlokalitetar

Når det gjeld utslepp av organisk materiale og nærings salt frå akvakulturlokalitetar, forventar Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet at dei føreslegne tiltaka vil bidra til at miljømåla nåast i kystvassførekomstane som er vesentleg påverka av utslepp frå akvakultur. Direktoratata ser samstundes behov for å jobbe vidare med problemstillingar knytt til naturleg oksygenfattige fjordområde. Usikkerheit knytte til vurdering av påverknad frå akvakultur i naturleg oksygenfattig fjordområde blei løfta på møte mellom statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet i Trøndelag vassregion i januar 2022. Problemstillinga er òg aktuell andre stader langs kysten.

Rømd oppdrettsfisk

Når det gjeld rømd oppdrettsfisk, vurderer Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet at fordi effektane av rømt oppdrettslaks på ville laksebestandar er kumulativ kan ikkje måla om å bevare bestandanes genetiske integritet og genetiske variasjon nåast med dei nivåa av rømd oppdrettslaks som overvakinga antydgar for mange vassdrag. På bakgrunn av dette har Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet vurdert at i vassdrag med dårleg eller svært dårleg tilstand for genetisk integritet så oppfyllest vilkåra for utsett frist for å nå miljømåla til 2033 i tråd med vassforskrifta § 9 c) då det foreligger slike naturforhold at ein forbetring av vassførekomsten innan fristen ikkje lar seg gjennomføre. Nasjonalt gjeld dette til saman 57 vassdrag.

Direktorata nemner at Nærings- og fiskeridepartementet i tildelingsbrevet 2022 har gjeve Fiskeridirektoratet oppdrag om å utarbeide eit «*forslag til helhetlig og mer effektivt system for overvåking og uttak av rømt oppdrettsfisk i vassdrag. Nødvendige forskrifts endringer og utvikling av relevante verktøy, herunder en elvekatalog, skal være en del av dette arbeidet. Prinsippet om at forurenser betaler skal legges til grunn.*» Fiskeridirektoratet viser elles til at det etter akvakulturloven følger fleire plikter og krav med mål å førebyggje rømming ved akvakulturanlegg. I 2021 har Fiskeridirektorat hatt på høyring fleire forskrifts endringar som har som mål å forebygge rømming. Endringer i akvakulturdriftsforskrifta inneber mellom anna tydelegare ansvar og strengare plikter for vare- og tenesteproducentar som gjennomfører

risikofylte arbeidsoperasjonar på akvakulturanlegg. Vidare har det blitt gjort ein revisjon av krav til teknisk standard for akvakulturanlegg i sjø, innsjø og vassdrag (NYTEK23). Revisjonen gjer næringsaktørar større fleksibilitet i val av løysingar for å oppfylle forskriftas krav til rømmingssikker utforming og drift av akvakulturanlegga. Samtidig er det innført strengare kontrollkrav og vidare åtgang til å ileggje gebyr ved brot på regelverket. Begge forskriftsendringane er nyleg fastset av regjeringa.

Omtale av endringar i NYTEK-forskrifta kan lesast her: [Skjerper kravene for å hindre rømming av oppdrettsfisk - regjeringen.no](#). Omtale av endringar i akvakulturdriftsforskrifta (mm.) kan lesast her: [Nye krav i havbruksregelverket skal bidra til økt bærekraft - regjeringen.no](#).

Lakselus

Når det gjeld lakselus, uttalar Miljødirektoratet og Mattilsynet at verken ordninga med trafikksystemet eller Mattilsynets tiltak etter deira regelverk vil være tilstrekkeleg for å oppnå miljømåla etter vassforskrifta i vassførekomstar vesentleg påverka av lakselus innan 2027. Regionale tiltaksprogram innehelder generelt få tiltak retta mot oppfølging av drift, pålegg mv.

Direktorata visar vidare til at det i mange regionar og i fellesinnspillet frå vassregionmyndigheitene er peikt på at tiltaksprogramma ikkje innehelder tilstrekkeleg tiltak mot lakselus for å nå miljømåla, og at effektar på sjøaure ikkje er tatt med. Mattilsynet informerer difor i tilrådinga om korleis dei arbeider med lakselus, kunnskapsgrunnlag og tiltak framover.

Effektane på bestandar av laksefisk

Når det gjeld effektane på bestandar av laksefisk, er det Miljødirektoratet si vurdering at tiltaksprogramma ikkje vil vere tilstrekkelege for å oppnå måla om minst god tilstand for villaks, og for å unngå vesentlege skadar på sjøaure og sjørøypopulasjonar i oppdrettsintensive område. Etter Miljødirektoratet si vurdering er det ikkje foreslått tilstrekkeleg med tiltak for å redusere utslepp av lakseluslarvar frå oppdrettsanlegga eller for å unngå ytterlegare innblanding av genar frå rømd laks i dei ville populasjonane. Miljødirektoratet nemner at dei bruker sine verkemidlar så langt dei kan, men at det ikkje er tilstrekkeleg for å kunne oppfylle miljømål etter vassforskrifta. Miljødirektoratet peikar vidare på at så langt er det berre på effektar frå lakselus på atlantisk laks som er vurdert i planarbeidet. Miljødirektoratet meiner at det er minst like stor grunn for å ha fokus på sjøaure og sjørøye, ettersom de artene antakeleg er meir sårbare for lakselus enn det villaksen er.

Miljødirektoratet uttalar avslutningsvis i tilrådinga at dei ikkje kan sjå at deira kommentar i høyringa om at ikkje «*foreslått tiltaksprogram vil være tilstrekkeleg til å sikre forbetring eller hindre forringing av tilstand for laks i områder med vesentleg påverknad frå rømt fisk eller lakselus*» har blitt tatt til følge i form av nye tiltak. Dei nemner samstundes at problemstillinga har blitt løfta, og viser til at det er behov for ei avklaring av dette på departementsnivå.

d) Departementet sine vurderingar og endringar

Når det gjelder rømd oppdrettsfisk, er departementet einig i Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet si vurdering av at fordi effekta av rømd oppdrettslaks på ville laksebestandar er kumulativ, kan ikkje måla om å bevare bestandanes genetiske integritet og variasjon nåast med dei nivåa av rømd oppdrettslaks som overvakinga tyder for mange vassdrag. Fordi det vil ta lang tid å gjenvinne den genetiske samansetninga i ville laksebestandar vil det heller ikkje vere mogleg å nå måla, uavhengig av tiltaksprogrammane. Departementet støttar difor direktorata si vurdering av at vilkåra i vassforskrifta § 9 c) er oppfylte, og at vassdrag med dårleg eller svært dårleg tilstand for genetisk integritet gis utsett frist til 2033 for å nå miljømåla. Nasjonalt gjeld dette til saman 57 vassdrag.

Avstemming av miljømål i Vann-Nett på bakgrunn av denne endringa vil gjerast av sentrale fagmyndigheiter før rapportering til ESA.

Når det gjeld utslepp av organisk materiale og næringssalt frå akvakulturlokalitetar, støttar departementet direktorata si vurdering at det er behov for å jobbe vidare med problemstillinga knytt særleg til naturleg oksygenfattige fjordområde for å styrke kunnskapsgrunnlaget og tiltaksbehovet på dette området.

Når det gjeld påverknad frå lakselus vil departementet påpeike at det kan virke mot sin hensikt å fryse dagens lokalitetsstruktur gjennom å nekte kva som helst utviding eller nyetablering av lokalitetar, slik Mattilsynet har føreslått i tiltaksplanane for Møre og Romsdal og Vestland. Søknader om nyetablering eller endring må vurderast ut frå om dei kan bidra til å redusere påverknaden på dei enkeltbestandane som er sterkt påverka av lakselus. Kva som inneberer ei restriktiv tilnærming i konsesjonssaker, slik Mattilsynet beskriv som ein rettesnor i regionane Vestland og Møre- og Romsdal, vil avklarast gjennom den vanlege styringsdialogen til sektormyndigheitene.

Departementet viser vidare til vassregionmyndigheitenes spørsmål om dagens verkemiddel innan akvakultur er tilstrekkelege til å nå miljømåla i vassdirektivet knytt til lakselus og rømd oppdrettsfisk, og villaksnormens mål om god tilstand, som er integrert i vassforskriftas miljømål. I mange regionar er det òg peikt på at effektar på sjøaure ikkje er tatt med i vurderingane av påverknad. Vidare har Vestland vassregion bedt departementa vurdere om *«Trafikklyssystemet og lakselusforskrifta beskyttar vill laks og sjøaure i stor nok grad til at miljømåla på lakseførande strekning vert nådd»*.

Akvakultur er ein av dei største utfordringane i fleire vassregioner, og departementet meiner det er behov for nye tiltak knytt til lakselus og rømd oppdrettsfisk som kan bidra til å nå miljømåla. I Hurdalsplattformen er det slått fast at regjeringa ønsker å *«videreutvikle trafikklyssystemet»*. Hovudformålet med trafikklyssystemet er forutsigbar vekst i oppdrettsnæringa. Det er imidlertid dette systemet som set grenser for kor mykje villaks vi tillater dør i snitt i eit produksjonsområde pga. lakselus. Vekst tillates i område der lusepåverknaden på villaks er «akseptabel» iht. vedtekne grenseverdier. I område med «uakseptabel» påverknad kan produksjonen trekkjast ned. Vidare er miljøindikatoren i trafikklyssystemet i dag kun lakseluspåverknad på villaks. Det pågår vidare eit arbeid med eit

heilskapleg og meir effektivt system for overvaking og uttak av rømd oppdrettsfisk og framtidige krav til felles løysning for å spore fisken.

På denne bakgrunn vil regjeringa iverksette følgjande tiltak:

- Utreie korleis trafikklyssystemet påverkar arbeidet med å oppnå måla satt i kvalitetsnorm for villaks.
- Leggje eit løp for å utarbeide kriterie for å inkludere sjøaure i trafikklyssystemet.
- Utreie korleis lokalitetsstrukturen kan endrast med sikte på å beskytte enkeltbestandar av Atlanterhavslaks som er særleg utsette som følgje av lakselus.
- Følgje opp det pågåande arbeidet om eit heilskapleg og meir effektivt system for overvaking og uttak av rømd oppdrettsfisk og framtidige krav til felles løysing for å spore fisken.

3.3 Landbruk

a) Nasjonale føringar og presiseringar

Dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdateringa av vassforvaltningsplanane (2019) kap. 6 stadfester at det er behov for forsterka innsats mot forureining frå jordbruk, og at det i område der iverksette tiltak ikkje er tilstrekkelege til at miljømålet god tilstand nåast, innførast meir forpliktande krav.

For å redusere påverknader frå jordbruket brukast både lokale, regionale og nasjonale miljøkrav, tilskot til frivillige tiltak og rådgiving. Regelverket omfattar mellom anna heimlar for at kommunen og statsforvaltarane kan innføre å stille strengare krav til miljøtiltak i særleg utsette områder, men desse heimlane er i liten grad teke i bruk.

Kommunen har heimlar i gjeldande gjødselvareregelverk til å stille meir restriktive krav til spreietidspunkt og spreieareal-/mengde ut frå situasjonen lokalt. Tilsvarande har statsforvaltarane heimel til å stille miljøkrav i særleg utsette område etter oppdatert delegasjon etter jordlova. Dei nasjonale føringane slår fast at statsforvalterne og kommunane sine heimlar til å stille krav til gjennomføring av miljøtiltak skal takast i bruk der det er naudsynt for at miljømåla etter vassforskrifta nåast innan 2027, og seinast innan 2033.

b) Vedtekne miljømål og føreslegne tiltak i regionen

Landbrukskapittelet i vassforvaltningsplanen og tilhøyrande tiltaksprogram er særst godt skreve og gjev ei god oversikt over utfordringane i vassregionen og tiltak som er føreslått. Jordbruket i Vestland vassregion har mykje husdyr, gras og langvarig eng. Nasjonale føringar er følgt på den måten at landbruket tek sitt sektoransvar og gjennomfører tiltak som er nødvendig for å forbetre eller oppretthalde vasskvalitet.

Mange kommunar har spelt inn tiltak, men kunnskapsgrunnlaget er truleg lågt i enkelte område, og auka kunnskapsgrunnlag kan avdekke fleire utfordringar.

Dei fleste tiltaka innan jordbruk i Vestland vassregion er knytt til tap av næringsstoff og jord frå jordbruksareal. Mesteparten av dette er knytt til tiltak for å utvide gjødsellagerkapasitet. Det er vidare planlagt 29 tiltak med rådgeving om klima- og miljøvennlege driftsmåtar og nokre få tiltak med opning av bekkelukking og etablering av kantsoner (sjå òg omtale av restaurering i kap. 3.10 under). Berre eitt tiltak er retta mot skogbruk.

Det er samla føreslege 381 tiltak med ein investeringskostnad på 49 906 020 og driftskostnad på 11 404 340. De årlege driftskostnadene er særleg knyta til miljøvennleg gjødselspreiing og gjødselhandtering og har stort fokus på at kommunane skal tilpasse sine lokale gjødsel forskrifter til statusen for vasskvalitet og landbrukspåverknad.

c) Direktoratata si tilråding

I si tilråding vurderer Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet at for enkelte vassområder/vassførekomstar er det urealistisk å nå alle miljømåla i planperioden sjølv med maksimal tiltaksgjennomføring av føreslegne tiltak for landbruket. Direktoratata anbefalar at vassførekomstar som er i dårleg og svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utset frist for måloppnåing. Samstundes understrekar dei at utstrekt bruk av utset frist på vassførekomstar som har dårleg eller svært dårleg tilstand ikkje bør medføre at det ikkje blir registrert og iverksett tiltak.

Direktorata vurderer mellom anna òg at dagens omfang av vassmiljøtiltak som støttes av midlar over regionalt miljøtilskot i landbruket (RMP) og tilskot til spesielle miljøtiltak (SMIL) ikkje er tilstrekkeleg for at jordbrukets del av naudsynt tiltaksgjennomføring for å nå miljømåla kan gjennomførast innan tidsfristane. Når det gjeld vassregionmyndighetenes etterlysing av revidert nasjonalt regelverk for lagring og bruk av husdyrgjødsel, peikar direktorata på at arbeid med revisjon av gjødselvareforskrifta er i gang, og at nasjonale føringar frå 2019 er tydelege på at det skal innførast meir forpliktande krav i område kor iverksette tiltak ikkje er tilstrekkelege til at miljømålet god tilstand nås innan fristane.

Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet anbefalar at relevante styresmakter i vassregionen vidarefører samarbeidet for å vurdere å innføre regional forskrift der landbrukspåverknad er for stor til at vassdirektivets miljømål god tilstand nåast innan fristen med dagens innsats, og vidareutviklar ein realistisk pakke med vassmiljøtiltak i vassområde med særlege utfordringar som gjer det sannsynleg at miljømåla kan nåast innan 2027 (eller innan 2033 for vassførekomstar gjennom bruk av utsett frist).

For Vestland vassregion saknar direktorata forslag om å vurdere regional forskrift med miljøkrav. Direktoratata vurderer at det er naudsynt med ytterlegare tiltak for å redusere overflate- og grøfteavrenning. Direktoratata saknar òg tiltak for å redusere avrenning frå skogbruk og redusere avrenning av plantevernmidlar, og fleire tiltak knytt til restaurering av elveløp og kantvegetasjon. I tiltaksprogrammet etterlyser direktorata betre returordning for landbruksplast. Dei ber òg vassregionen om å vurdere å auke miljøavgifta ved kjøp av landbruksplast, eller innføre ei panteordning, samt auka midlar til opprydningsaksjonar.

Direktorata skriv vidare i sin tilråding at dei registrerer at det er jobba lite med påverking frå skogbruk i planarbeidet til no, og vil vurdere korleis dette kan tas inn i arbeidet med oppdatert kunnskapsgrunnlag og vegleing fram mot neste oppdatering av planane i 2027.

d) Departementet si vurdering og endringar

Jordbruk er framleis ei av hovudpåverknadane på vatnet i Noreg, og ei av hovudårsakene til at miljømåla ikkje er nådd for mange av vassførekomstane. Jordbruk er òg nemnt som ein av hovudutfordringane i Vestland vassregion.

Departementet vil understreke at det er viktig at dei nasjonale føringane frå 2019 følges opp. Det er behov for ei betydeleg styrka innsats mot forureining frå jordbruk i planperioden 2022-2027 for å oppnå målet om god tilstand i alle landbrukspåverka vassførekomstar. Dette inneber at kommunane og statsforvaltarane i større grad må ta i bruk sine heimar etter det til ein kvar tid gjeldande regelverket for å stille krav til gjennomføring av miljøtiltak i område der det er naudsynt for å nå miljømåla etter vassforskrifta. I gras- og husdyrområde slik som dominerer i Vestland er heimlar hos kommunane om strengare krav til spreietidspunkt og -mengde særleg relevant.

Departementet har forståing for at vassregionane etterlyser revidert gjødselregelverk. Revisjon av dei nasjonale reglane for lagring og bruk av gjødsel i gjødselvarforskrifta er sentralt for å redusere påverknaden frå jordbruk på vassførekomstane. For å nå målet om god tilstand for landbrukspåverka vassførekomstar vil arbeidet med å revidere regelverket vere høgt prioritert av regjeringa i tida som kjem. Departementet viser samstundes til høve hos kommunane etter gjeldande regelverk til å innføre strengare krav til spreietidspunkt og spreieareal/-mengde. Departementet viser til at lokale forskrifter som gjev utvida tidsfrist for spreing utan nedmolding om hausten, er innført i fleire kommunar i vassregionen. Høvet til å setje strammare frist for haustspreing eller spreiemengde er derimot i liten grad teke i bruk, noko som kan vere aktuelt i vidare arbeid òg innafor gjeldande gjødselregelverk.

Når det gjeld vassregionane si etterløysning av ei auke i tilskotsrammar til frivillige vassmiljøtiltak, blir desse fastsett i dei årlege jordbruksforhandlingane gjennom løyvingar til tilskotsordningane Regionale miljøprogram (RMP) og Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). I årets jordbruksavtale vart tilskotsordninga RMP styrka med 185 mill. kr. Av dette er 70 mill. kr. øyremerka til frivillige vassmiljøtiltak i fylka som drenerer til Oslofjorden. Resten av RMP-midlane er det opp til fylka å prioritere bruken av. I 2020 vart om lag 30 prosent av midlane nytta til frivillige vassmiljøtiltak. I årets jordbruksavtale vart SMIL auka med 23 mill. kr. til totalt 170 mill. kr. Det er kommunane som prioriterer bruken av midlane, og i 2021 vart 42 prosent nytta til tiltak for å redusere avrenning til vatn. Departementet nemner og at det i årets jordbruksavtale blei satt av 1,8 mill. kroner til NIBIO, som saman med NIVA skal gjere naudsynte forbetringar i TEOTIL (modell for teoretisk berekning av fosfor- og nitrogentilførselar i Noreg).

Når det gjeld vassregionanes etterlysing av ny heimel for krav i særleg utsette område, viser departementet til at dette allereie er på plass ved ei oppdatert delegering frå Landbruks- og matdepartementet til statsforvaltaren i 2020 etter jordlova (*Forskrift 21. desember 2020 nr.*

3048 om delegering av myndighet til å fastsette regionale krav om miljøforsvarlig drift av jordbruksareal til statsforvalteren etter jordlova § 11).

Trass i ei betydeleg auke i innsatsen i planperioden 2022-2027, vil det bli vanskeleg å nå målet om god tilstand i alle landbrukspåverka vassførekomstar. Departementet støttar direktorata si vurdering om at det urealistisk å nå alle miljømåla i planperioden sjølv med maksimal tiltaksgjennomføring, og at vassførekomstar som er i dårleg og svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utsett frist for måloppnåing. Dette skyldast mellom anna høgt fosfornivå i jord som krevjar mange års innsats med redusert fosforgjødsling for å nå miljømåla, og dermed «slike naturforhold at en forbedring av vannforekomsten innen fristen ikke lar seg gjennomføre», jf. vassforskrifta § 9. Departementet vil samstundes understreke at den utsette fristen for desse vassførekomstane ikkje inneber at desse ikkje får iverksett tiltak. Det er tvert imot særleg viktig at det raskt setjast i verk kraftfulle tiltak her.

Departementet har med dette gjort endringar i planen som inneber at vassførekomstar som er i dårleg og svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utsett frist for måloppnåing til 2027-2033. Avstemming av miljømål i Vann-Nett vil gjerast av sentrale fagmyndigheiter før rapportering til ESA.

Når det gjeld påverking frå skogbruk er departementet einig i at direktorata skal vurdere korleis dette kan tas inn i arbeidet med oppdatert kunnskapsgrunnlag og vegleiing fram mot neste oppdatering av planane i 2027.

3.4 Avløp

a) Nasjonale føringar og presiseringar på området

Utslepp frå avløpssektoren er i hovudsak regulerte ved regelverk heimla i forureiningslova og i vass- og avløpsanleggslova, særskilt forureiningsforskriftas del 4 og 4A. Det er heimel i regelverket for kostnadsdekning av naudsynte investeringar, drift, vedlikehald, kontrollar mv.

Dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdateringa av vassforvaltningsplanane (2019) angjev at kommunane skal kartleggje og følgje opp utslepp frå avløpsanlegg som dei er myndigheit for, gje pålegg og setje i verk tiltak for å sørge for at utslepp vert reinsa. Statsforvaltaren skal sjå til at utslepp frå avløpsanlegg som fell inn under deira myndigheitsområde vert reinsa i tråd med krava. Målsettinga skal vere at alle anlegga oppfyller forureiningsforskriftas reinsekrav slik at miljømåla etter vassforskrifta kan nåast innan 2027, og seinast innan 2033.

Miljødirektoratet har bedt statsforvalterne om å skjerpe praksisen med å stille krav til sekundærreinsing for å sikre betre fjerning av organisk materiale frå avløpsvatnet, og har presisert at det ikkje lenger er grunnlag for å gje utsett frist for primærreinsing for utslepp av avløpsvatn til kysten frå Skagerrak og nordover. Statsforvaltarane er òg bedt om ein strengare oppfølging av kommunar og interkommunale avløpselskap som framleis ikkje har etterkomme krava til primærreinsing eller andre reinsekrav sett i forskrift og løyver.

b) Vedtekne miljømål og foreslegne tiltak i regionen

Det er generelt store utfordringar i avløpssektoren. I Noreg som heilheit er punktutslepp frå reinseanlegg og diffuse utslepp frå spreidd avløp på høvesvis 2. og 6. plass som påverknad på kystvatn. Utslepp frå spreidd avløp på elver og innsjøar er på høvesvis 4. og 6. plass som påverknad. Halvparten av befolkninga er tilknytt reinseanlegg som ikkje oppfyller krav til reinsing, og for mange av dei mindre anlegga manglar det opplysningar om dette. Dette skyldast i hovudsak at anlegga ikkje har blitt oppgradert i takt med økt belastning og reinsekra, og at det offentlege leidningsnettet fornyast for sakte.

Utslepp frå avløp er ein stor påverkar på vassførekomstane i Vestland vassregion.

Vassregionen utmerkar seg ved at vassregionmyndigheita og Statsforvaltaren, saman med dei fleste av vassområda, har arbeida godt saman med kommunane som i stor grad har spilt inn tiltak til tiltaksprogrammet. Når det gjeld å følge opp nasjonale føringar og å etterkome reinsekra har også denne vassregionen ein del å gå på. I byer og tettstader er det peikt på behov for oppgradering av avløpsnett og eksisterande reinseanlegg. Mange stadar er det ikkje mogleg å kople til kommunalt avløpsystem, og det er difor også foreslått å utbetre separate anlegg. Fleire av kommunane har kommunale planer for avløp, men mange av desse er forelda.

Vassregionmyndigheita påpeiker at det vil bli utfordrande å nå miljømåla i alle vassførekomstar som er påverka av avløp. Samla kostnad for 371 avløpstiltak er om lag 5,2 milliardar. 55 tiltak gjeld oppgradering av avløpsnett til om lag 700 millionar, 23 tiltak er på dei 623 større reinseanlegga til om lag 4 milliardar og 23 tiltak er kart og planlegging. For spreidd avløp er det foreslege 160 tiltak og 110 tiltak knytt til kart- og planlegging, samt forskrifter og tilsyn. Det er anslått kostnadar for omlag 50 % av tiltaka. I følge tiltaksprogrammet er ikkje alle tiltak som ligg inne i kommunale planar lagt inn.

c) Direktorat si tilråding

I si tilråding nemner Miljødirektoratet mellom anna at dei største utfordringane på avløpssektoren som er identifisert, er forhold som har oppstått grunna manglande vedlikehald og oppgradering av naudsynt infrastruktur over tid. I tillegg har kommunanes oppfølging av deira delegerte oppgåver som forureiningsmyndigheit etter forureiningsforskrifta kap. 12 og 13 vore mangelfull. Miljødirektoratet anbefalar at statsforvaltaren og vassregionmyndigheitene vidarefører samarbeidet med kommunane på avløpsområdet, og sikrar god politisk forankring i kommunale planar.

Miljødirektoratet peikar på at avløp og landbruk må sjåast i samanheng når det gjeld eutrofi. Videre har direktoratet anbefalt at vassførekomstar som er i dårleg eller svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utsett måloppnåing. Etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet leverte Miljødirektoratet ei tilleggsvurdering 1. september 2022 om avløp og om det er realistisk å nå miljømåla for førekomstar som ikkje har god tilstand på grunn av utslepp frå avløp. I tilrådinga understrekar direktoratet at det for mange jordbruksområde er samansett påverking frå landbruk, spreidd avløp og kommunalt avløp. Det tek likevel særleg lang tid før tiltak

innanfor landbruket får effekt, og utsett frist for måloppnåing knyttast difor til eit tiltak innan jordbruket.

Når det gjeld førekomstane som ikkje har god tilstand og den viktigaste påverknaden er avløp meiner direktoratet at det må gjerast ei individuell vurdering av kvar førekomst ut frå korleis tiltaks om settast inn og effekten av dei. Miljødirektoratet anbefalar at det for vassførekomstane som ikkje er i god tilstand og den viktigaste påverknaden er utslepp frå avløp, bør det leggest opp til eit utvida tiltaksnivå for å oppfylle miljømåla.

I si tilråding anbefalar Miljødirektoratet at statsforvaltaren og vassregionstyresmakta vidarefører samarbeidet med kommunane på avløpsområdet, for å sikre at det som eit minimum blir lagt inn tiltak som er vedteke i planane til kommunen, tiltak som kommunane er pålagde av statsforvaltaren, og at alle vassområda legg inn kartlegging av separate avløp der denne oversikta ikkje finnast. Dei bør vurderer om det er område der det vil vere ein fordel at fleire kommunar går saman om å løyse utfordringane.

d) Departementet sine vurderingar og endringar

Utslepp frå avløp er ein av dei fem største påverknadane på vassførekomstane i Noreg. Det er store utfordringar innan avløpssektoren nasjonalt og mange kommunar har eit avløpssystem som ikkje er i tråd med regelverket. Avløp er òg ein av hovudutfordringane i Vestland vassregion.

Departementet vil understreke at det er viktig at dei nasjonale føringane frå 2019 følgast opp. Det er behov for ei betydeleg styrka innsats innanfor avløpssektoren i mange kommunar. Kommunane må sørge for betre oppfølging av sitt ansvar som forureiningsmyndigheit (alle avløpsanlegg etter kapittel 12 og 13 i forureiningsforskrifta) og sikre vedlikehald og oppgradering av nødvendig infrastruktur i takt med ny arealbruk og vekst i kommunane. Departementet forventar at kommunane framover sett av betydelege ressursar for å raskare gjennomføre naudsynte tiltak på avløpsområdet. Fleire kommunar bør vurderer interkommunalt samarbeid for å løyse utfordringane på området.

Statsforvaltar må òg prioritere å følgje opp avløpsanlegg innanfor sitt område (alle anlegg etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta) for å sikre at utslepp gjennomgår tilstrekkeleg reinsing.

Vassregionmyndigheitene foreslår i sitt fellesinnspel revisjon av avløpsdelen i forureiningsforskrifta då kommunane opplever at lovverket avgrensar deira oppfølging på avløpsområdet. Departementet viser til Miljødirektoratets vurdering og at forslaget truleg kjem av ei misforståing av kommunens rolle som forureiningsmyndigheit. Kommunane kan gjennom behandling av konkrete sakar stille strengare krav enn forskrifta. Departementet vurderer at forskrifta ikkje er avgrensande for kommunanes moglegheit til å ivareta vassmiljøet. Når det gjeld forslaget om ein sektorlov for vassbransjen vis departementet til at forslag til endring i vass- og avløpsanleggslova som er til behandling i Klima- og miljødepartementet langt på veg vil etterkomme dette.

Vassregionmyndighetene ønskjer vidare at staten bidreg med økonomisk stønad til kommunane på avløpsområdet. Kommunen er ansvarleg for å dekke utgiftene til bygging, drift og vedlikehald av kommunale avløpsanlegg, og kan fullfinansiere dette gjennom gebyr. Det er i tråd med prinsippet om at forureinar skal betale.

Departementet meiner at kommunane har dei juridiske og økonomiske verkemiddel på plass for å gjennomføre tiltak på avløpsområdet.

Når det gjeld Miljødirektoratet si anbefaling om at vassførekomstar som er i dårleg og svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utsett frist for måloppnåing, støtter departementet direktoratet si tilleggsvurdering 1. september 2022 om avløp, og viser elles til vurderingane om utsett frist grunna eutrofi i kap. 3.3 om landbruk over.

Departementet har med dette gjort endringar i planen som inneber at vassførekomstar som er i dårleg og svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utsett frist for måloppnåing til 2027-2033. Avstemming av miljømål i Vann-Nett vil gjerast av sentrale fagmyndigheiter før rapportering til ESA.

3.5 Ureining frå industri, nedlagte gruver, ureina grunn og ureina sjøbotn

a) Nasjonale føringar og presiseringar på området

Rammer for arbeidet med forureining ligg hovudsakeleg i forureiningslova med tilhøyrande forskrifter. Formålet med lova er å verne miljøet mot forureining og å redusere forureining og avfall. Forureining skal ikkje skade naturens evne til produksjon og sjølvfornyning. Forureiningslova fastset òg prinsippet om at forureinar skal betale. Ansvarleg myndigheit skal sørge for tiltak for å hindre ulovleg forureining, og eventuelt stanse eller avgrense verknadene. Innhold av miljø- og helseskadelige stoffer i produkter reguleres i hovudsak etter produktkontrolllova.

Av Meld. St. nr. 27 (2016-2017) Industrimeldinga, Klimaplanen 2021-2030 og Meld. St. nr. 36 (2020-2021) Energimeldinga går det fram at det er ønskjeleg med ein industri i vekst, samstundes som det skal kuttast i utslepp for å nå klima- og berekraftsmål.

Forureiningsmyndigheit tillét utslepp etter forureiningslova § 11, etter ei skjønnsvurdering. Til støtte i vurderinga inngår mellom anna bransjespesifikke dokumenter med beste tilgjengeleg teknologi og tilhøyrande utsleppsnivå, vassforskrifta, naturmangfaldlova og andre forskrifter.

Utslepp frå forureina grunn og forureina sediment følgjer i hovudsak forureinar betalerprinsippet, med pålegg retta mot eigar eller forureinar, etter forureiningslova. Det blir òg gitt noko statleg støtte etter nærare kriterium. Arbeidet med forureina sediment følgjer hovudprioriteringane i handlingsplanen for opprydding i forureina sjøbotn som finnes i Meld. St. nr. 14 (2006-2007) Sammen for et giftfritt miljø– forutsetninger for en tryggere fremtid. Arbeidet er langsiktig.

b) Vedtekne miljømål og foreslegne tiltak i regionen

Vestland vassregion har ei rekke industribedrifter som har utslepp til regionens fjordar, mellom anna smelteverk og petroleumsverksemd. I mange av fjordane med lang industrihistorie, t.d. Høyangsfjorden, Husnesfjorden og Årdalsfjorden, er det dårleg tilstand på grunn av forureining i sedimenta. Stoff som TBT og PAH kan tyde på at dette skuldast forureining frå tidlegare industri og skipstrafikk, òg med tanke på at aktive kjelder er redusert. Miljødirektoratet har for vassforvaltningsplanen 2022- 2027 foreslått ei rekke tiltak, der dei har prioritert å foreslå tiltak som er kjend for verksemdene. Statsforvaltaren og kommunen har òg foreslått ei rekke tiltak.

Når det gjeld forureina grunn, har Miljødirektoratet foreslått to tiltak. Dei andre tiltaka som er foreslått for forureina grunn blir følgt opp av kommunane og statsforvaltaren.

Når det gjeld forureina sjøbotn, er det i Vestland to hamneområde/fjordar som inngår i den nasjonale handlingsplanen for opprydding i ureina sjøbotn: Bergen hamn (vassførekomst Byfjorden indre havn) og Sørfjorden (vassførekomsten Sørfjorden indre og ytre del). Det er ikkje planlagt tiltak i sedimenta i Sørfjorden i komande planperiode på grunn av store utslepp frå eksisterande industri. Planlagde tiltak i dette området er difor knytt til å redusere utslepp frå industrien. I Bergen hamn er det konkludert at det er naudsynt med opprydding i forureina sjøbotn i delområda Store Lungegårdsvatn og Vågen i planperioden. Opprydding av ureina sjøbotn i Puddefjorden er i gang saman med etterovervaking.

I tillegg til dei prioriterte områda er det også foreslått å pålegge tiltak i enkelte andre område. Det er ikkje alle tiltaka som inngår i planen da dei ble foreslått etter at tiltaksoversikten vart henta ut av Vann-Nett.

c) Direktoratata si tilråding

Miljødirektoratet er usikker på om de foreslått tiltaka innan industri er tilstrekkeleg for å nå miljømåla i enkelte av industrifjordane. Sjølv om tilførselar frå industri vert redusert eller stansa heilt, vurderer Miljødirektoratet at det for mange av fjordane vil være vanskeleg å nå god tilstand i denne planperioden. I Vestland vassregion har Miljødirektoratet førebels ingen prioriterte nedlagte gruver som vert følgt opp spesifikt. Miljødirektoratet vil fortsette arbeidet med nedlagte gruver og anvender utsett frist etter vassforskrifta § 9 for vassførekomststar påverka av nedlagte gruver, der tilstanden er dårlegare enn god tilstand.

Når det gjeld forureina grunn, har Miljødirektoratet ikkje tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om dei tiltaka dei har foreslått aleine vil betre tilstanden i vassførekomstane. Miljødirektoratet har ikkje vurdert om tiltak som kommunar og statsforvaltaren følgjer opp vil vere tilstrekkeleg til å nå miljømåla, men legg til grunn at disse tiltaka vil bidra positivt til å komme nærmare miljømålet. Det er framleis naudsynt med fokus på opprydding av forureina grunn, om vi skal nå miljømåla i løpet av planperioden. Det er òg viktig at tiltak i forureina grunn sjåast i samanheng med andre tiltak, for å kunne vurdere om miljømåla vil nåast. Miljødirektoratet tilrår at planane justerast med bruk av § 9 for alle vassførekomststar med

påverknad frå nedlagte gruver, kvar det i planane i dag både er brukt unntak etter vassforskrifta §§ 9 og 10.

Når det gjeld forureina sjøbotn, nemner Miljødirektoratet at det er viktig at tiltak sjåast i samanheng med andre tiltak, mellom annet redusert avrenning til sjø/vatn frå byer, tettstadar og industriverksemd. Dette er viktig for å kunne oppretthalde god tiltakseffekt når opprydding i forureina sjøbotn er gjennomført. Alle oppryddingstiltak i forureina sjøbotn vil bidra til å nå ynska miljømål og god tilstand. Dersom det ikkje vert rydda opp i forureina sjøbotn vil det ikkje vere mogeleg å oppnå ønskja miljømål for vassførekomstane. Det krev framleis fokus på opprydding av forureina sediment der sedimentet utgjer ei sekundær kjelde til utlekking og spreining av miljøgifter til vatn, dyr og plantar. I de store hamneområda langs kysten vil det ofte vere mange uavklarte kjelder til uakseptabel risiko for påverknad frå forureining slik at staten ofte må bidra til å dekkje deler av kostnadane dersom det skal ryddast opp. Det er svært viktig at denne ordninga vert vidareført.

d) Departementet sine vurderingar og endringar

Departementet støttar Miljødirektoratet si vurdering i tilrådinga om å nytta utsett frist etter vassforskrifta § 9 for vassførekomstar påverka av nedlagde gruver, der tilstanden er dårlegare enn god.

Det er behov for vurdering av viktigaste påverkingskjelder, ytterlegare kunnskap om ulike påverkarar der det er uklåre ansvarsforhold, nytte-kostnadsanalysar av tiltak, vurdering av tiltaksbehov og eventuelt nye verkemiddel til neste rullering av planen.

Det er etter departementet si vurdering usikkert om mål om god tilstand vil kunne nåast innan 2027 for vassførekomstar påverka av forureina sjøbotn, der opprydding i den forureina botnen er avgjerande for å betre tilstanden, og der opprydding ikkje enno er sett i gang eller ventast sett i gang snart. Vassførekomstane påverka av forureina sediment får dermed utsett frist etter vassforskrifta § 9, då måloppnåing innan 2027 òg avheng av andre påverkarar.

Ved oppdatering av plan vil miljømål og aktuelle tiltak i vassførekomstar med forureina grunn bli vurdert på ny med oppdatert kunnskap.

3.6 Samferdsle

a) Nasjonale føringar og presiseringar på området

Dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdateringa av vassforvaltningsplanane (2019) kapittel 9 angjev at vassforskrifta skal følgjast opp ved at alle transportetatane og underliggjande verksemd gjennomfører miljøforbetrande tiltak i alle vassførekomstar der det er naudsynt for å nå forskrifta sine miljømål innan fristane. Etatane og underliggjande verksemd skal minimere dei negative effektane på naturmangfald og vassmiljø, blant anna ved å unngå forureining, minimere arealbruk og fokusere på desse temaa i planlegginga og i dagleg drift.

Nasjonal transportplan (NTP) presenterer regjeringas transportpolitikk. Den gjeldande NTP (Meld. St. 20 (2020-2021) Nasjonal Transportplan 2022-2033), presiserer at *«Vannforvaltningsplanene er regionale planer og skal legges til grunn for statlig planlegging og virksomhet i vannregionen, jf. vannforskriften § 29 og plan- og bygningsloven § 8-2. Nye infrastrukturtiltak som kommer i inngrep med elver, innsjøer, grunnvann og kystvann skal vurderes etter vannforskriften § 12.»*, samt at *«Vannforskriften følges blant annet opp ved at transportetatene og underliggende virksomheter gjennomfører miljøforbedrende tiltak i alle vannforekomster der det er nødvendig»*.

b) Vedtekne miljømål og foreslegne tiltak i regionen

Dei vanlegaste negative påverknadene frå samferdselssektoren gjeld forureining av vassførekomstar, og fysiske inngrep i vassførekomstar inkludert vandringshinder for fisk og andre organismar som lever i vatn. Relevante tiltak gjeld særskilt metode og bruk av kjemikaliar og salt under drift og vedlikehald av infrastruktur og utbetring av vandringshinder.

For Vestland har Statens vegvesen to tiltak for utbetring av fiskepassasje (fysiske restaureringstiltak), mens det er 6 tiltak knytt til fylkesveg. I tillegg er ei rekke slike tiltak lagt til kommunane, men det er usikkert kor mange av dei som er knytt til kommunal veg. Planen syner at transport og samferdsel ikkje er ein vesentleg påverkar i vassregionen.

Ingen vassførekomstar har fått utsett frist eller mindre strenge miljømål som følge av påverknad frå samferdsel.

c) Direktoratata si tilråding

Statens vegvesen vurderer at rammene for utvikling av planane i stor grad er følgt, og at planane visar det formelle og faglege grunnlaget. Den generelle omtala og foreslegne tiltak i planane er innanfor føringane for samferdsle.

Statens vegvesen påpeiker at underliggende verksemdar ikkje har hatt i oppdrag å bidra til å synleggjere påverknadar frå eiga verksemd eller strekningar dei har ansvar for. Statens vegvesen fekk ikkje deltatt fullt ut i arbeidet med planen og tiltaksprogrammet. Tiltaksprogrammet har difor ein noko mangelfull omtale av vegtiltak med prioriteringar og omtale av foreslegne og aktuelle tiltak.

Tiltak i kystvatn i tiltaksprogramma er i vesentleg grad knytt til handtering av avfall i hamnar og forureining frå båtpuss. I desse tilfella er det kommunen som er verkemiddeleigar, og hamneansvarleg med fleire er utførande. Tiltaka knytt til riksveg gjeld i stor grad reinsing av tunnelvaskevatt, og vil bidra til enten å oppnå miljømåla eller oppretthalde god miljøtilstand i vassdraga.

Jernbaneloverket understrekar behov for å jobbe vidare med å avklare rollar og ansvar innan feltet for å vurdere deltaking i vidare arbeid og oppfølging av tiltak nærmare.

d) Departementet sine vurderingar og endringar

Statens vegvesen er sektormynde og deltar i vassregionutvalet og direktoratsgruppa. Samferdselsdepartementet har tre store infrastrukturselskap, Banenor SF, Avinor AS og Nye Veier AS. Dei har best kompetanse på vasskvaliteten nær sine anlegg. Etersom desse ikkje er sektormyndigheitar, kan ikkje dei delta i vassregionutvalet (jf. § 22 i vassforskrifta), men kan delta i referansegruppa. Dei blir heller ikkje invitert til direktoratsgruppa. Dette medfører mindre moglegheit for deltaking frå infrastukturselskapa i arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltningsplanane. Det er derfor grunn til å anta at planane ikkje er helt dekkjande når det gjelde omtalen av påverking og behov for miljøtiltak knytt til samferdsel.

Samferdselsdepartementet og Klima- og miljødepartementet vil avklare korleis infrastrukturselskapa betre kan inkluderast i arbeidet med vassforvaltningsplanar. Dette gjeld gjennomføring av eksisterande planar og den kommande revisjonen for 2028-2033.

Dersom miljømåla skal bli nådd i 2027 bør samferdselsetatane og statsforvaltaren supplere godkjend plan med vidare kartlegging av påverknader og intensivere gjennomføringa av naudsynte miljøforbetrande tiltak undervegs i planperioden. Dette bør skje i dialog med underliggende verksemdar og vassregionmyndigheitene, og vil leggje grunnlaget for at neste runde med oppdaterte planar for 2028-2033 blir dekkjande òg for samferdsel.

Departementet gjer ingen endringar i planen på området.

3.7 Framande organismar

a) Nasjonale føringar og presiseringar på området

Dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdateringa av vassforvaltningsplanane (2019) angjev at anbefalingane i den tverrsektorielle tiltaksplanen om nedkjemping av framande skadelege organismar (2020) samt gjeldande handlingsplanar skal leggjast til grunn i arbeidet vassforvaltningsplanar.

Regjeringas tiltaksplan "*Bekjempelse av fremmede skadelige organismer 2020-2025*" utgjer eit verktøy for auka kartlegging og overvaking, og prioritering av tiltak mot framande skadelege organismar. Desse tiltaka vil ikkje bli synleggjort i tiltaksprogramma nå, men vil til dels setjast i verk i gjennomføringsperioden og dels leggje grunnlaget for ytterlegare tiltak i planperioden 2028-2033. Det skal i følgje tiltaksplanen føretakast ein prioritering av framande organismar og tiltak mot desse. Det skal òg utarbeidast eit sett med kriterium for prioritering av tiltak mot framande organismar i vassførekomstar, samt prioriteringar for kvar vassregion. Tiltaksplanen legger òg opp til ei auka satsing på bruk av miljø-DNA for kartlegging og overvaking av framande organismar.

Når det gjeld påverknaden frå lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* skal Miljødirektoratet sin handlingsplan mot arten leggjast til grunn for miljømålfastsettinga.

For kongekrabbe er det etablert eit særskilt forvaltningsregime gjennom Meld. St. 40 (2006-2007) *Forvaltning av kongekrabbe* og Meld. St. 17 (2014-2015) *Evaluering av forvaltninga av kongekrabbe*. Det er fastsett ein målsetting om i størst mogleg grad å avgrense vidare spreiding av kongekrabbe i norske havområde vest for 26°Ø, og leggje til rette for næringsutvikling i eit kvoteregulert område aust for dette. Stortingsmeldingane legger føringar for kva tiltak som kan føreslåast innan og utanfor det kommersielle fangstområdet.

b) Vedtekne miljømål og føreslegne tiltak i regionen

Framande artar er oppgjeve til å ha vesentleg effekt på mange vassførekomstar i alle vassregionar. Framande artar i ferskvatn er i langt større grad inkludert i planane enn førekomstar i kystvatn.

Tiltaksprogrammet for Vestland vassregion omfattar tiltak for å nedkjempe førekomstar av smal vasspest, bekkerøye og gjedde. Utover dette er det foreslått eller planlagt tiltak for å hindre spreiding av framande artar, for det meste gjennom undersøkingar eller informasjonskampanjar.

c) Direktoratata si tilråding

Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet vurderer at tiltaka føreslått i dei regionale vassforvaltningsplanane i vassførekomstar med framande fiskeartar oppgjeve til å ha vesentleg effekt på miljøtilstanden, oftast er overvaking. Framover bør registrering av framande artar og forslag til tiltak for nedkjemping av desse prioriterast. Direktoratata vurderer vidare at dei fleste tiltaksprogramma har ein mangelfull omtale av framande fiskeartar.

Nedkjemping av *Gyrodactylus salaris* er eit prosjekt styrt av Miljødirektoratet og Mattilsynet. I dag er det berre to regionar igjen som er infisert av parasitten. Den eine er Driva-regionen i Møre og Romsdal. Framdriftsplanen er her klar. Nedkjempinga av parasitten i denne regionen skal etter planen gjennomførast i 2022 og 2023. Den andre regionen er Drammensregionen i Viken. Òg her er framdriftsplanen klar, og det planleggast nedkjemping i 2025 og 2026.

Når det gjeld pukkellaks-nedkjemping er det framleis usikkert korleis utviklinga av spreinga av pukkellaks vil arte seg, ifølge direktorata. Med utgangspunkt i tidlegare utvikling kan pukkellaks bli eit problem i alle vassdrag i Noreg. Dette vil krevje ein betydeleg innsats frå myndigheitene og private aktørar. Miljødirektoratet har etablert eit prosjekt som mellom anna skal vurdere og foreslå metodar for uttak av pukkellaks i norske vassdrag.

Når det gjeld framande marine artar følgjer arbeidet med stillehavsausters handlingsplanen for stillehavsøsters i rapport M-588 (2016). «Havnespy» (*Didemnum vexillum*) blei oppdaga på Vestlandet i 2020, og grunna såpass nyoppstarta arbeid er ikkje konkrete tiltak avklart. Det er satt i gang ein kunnskapssamanstilling på framande marine artar i samband med handlingsplanen for nedkjemping av framande skadelege organismar. Dette blir gjort for å få betre overvaking av framande marine artar, og tidlegare kunne avdekkje nyetableringar. Miljødirektoratet anbefaler at det prioriterast å betre overvakinga av framande artar i utsette hamneområde.

d) Departementet sine vurderingar og endringar

Når framande organismar først har etablert seg er det svært vanskeleg å nedkjempe desse. Forebyggjande tiltak er viktig for å hindre ytterlegare spreiding av framande organismar. I denne samanhengen viser departementet òg til effektive nasjonale verkemiddel for å forebyggje spreiding av framande organismar, som regelverket om framande organismar under naturmangfaldlova og handlingsplanar mot mellom anna framande fiskeartar, stillehavssøsters og handlingsplan mot *Gyrodactylus salaris*. Det er òg krav om reinsing av ballastvatn under den internasjonale ballastvatn-konvensjonen. Reinsekravet er teke inn i forskrifta for ballastvatn.

Fleire vassforvaltningsplanar peiker på at det er behov for verkemidlar i form av betre kartlegging og tiltak, auke i midlar, auka kompetanse og vidare utvikling av regelverket. Vassregionmyndigheitene meiner i sitt felles innspel at det bør vere mogeleg å registrere introduserte artar som ikkje ligg inne som ein eiga parameter i Vann-Nett, som mink.

Departementet vil i denne samanheng minne om regjeringas tiltaksplan som eit nyttig verktøy for vassregionane. Tiltaksplanen "*Bekjempelse av fremmede skadelige organismer 2020-2025*" legg til rette for meir kartlegging, overvaking og prioritering av tiltak. Desse tiltaka er eit grunnlag for vidare tiltak i kommande planperiode. Kriterium for prioritering av tiltak mot framande organismar i vassførekomstar, og prioriteringar for kvar vassregion skal utarbeidast. Klima- og miljødepartementet vil vidare vurdere, i samråd med Miljødirektoratet, moglegheitene for å registrere introduserte artar som ikkje ligg i Vann-Nett som ei eiga parameter.

Når det gjeld vassregionanes ynskje om auka midlar til kartlegging, forskning og nedkjemping av framande artar, vil departementet vurdere dette i dei ordinere budsjettprosessane.

Departementet gjer ingen endringar i planen på området.

3.8 Sur nedbør

a) Nasjonale føringar og presiseringar

Det er ikkje gjeve eigne nasjonale føringar for sur nedbør. Gjeldande nasjonal politikk er gitt i Plan for kalking i Noreg 2022 – 2026.

Menneskeskapte utslepp gjennom forbrenning av fossile energikjelder aukar konsentrasjonen av forsura svovel- og nitrogenforbindelsar i atmosfæren. Dette kjem ned som sur nedbør. Gjennom mange år med påverknad frå sur nedbør, går òg tolegrensa for forsuring i jorda ned fordi jordsmonnets evne til å binde opp giftige metall (bufferevna) avtek. Når giftig aluminium mobiliserast i jordsmonnet vil det òg kome ut i overflatevatnet i nærliggande vassførekomstar. Gjenhentinga i jordas bufferevne er ei svært treg prosess, og Noreg har ei geologi som i utgangspunktet gjev oss låge tolegrensar. Resultatet ved overskridingar av tolegrensa er skadelege effektar på laks, aure og andre forsuringfølsame artar.

Det meste av avsetningane av sur nedbør i Noreg skyldast utslepp av svovel og nitrogen utanfor landegrensene. Takka vere forpliktingar om utsleppsreduksjonar som partane til protokoller under Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureiningar har påtatt seg, er tilførslane vesentleg redusert sidan 1980. Dei nyaste forpliktingane i Göteborgprotokollen (2012) er likevel ikkje tilstrekkelege for å unngå forsuringsskader på fisk og anna biologisk mangfald i Sør-Noreg. I tillegg til dette vil det ta fleire tiår før bufferevna er oppretta att, sjølv om tolegrensa ikkje lenger er overskrida.

Tilsetting av kalk motviker effektane av forsuring og kalking av vassdrag i forsura område er difor eit viktig tiltak. Kalkingsverksemda i Noreg følgjer krava gjeve av vassdirektivet, der det primære formålet er å verne om og sikre berekraftig bruk av vassmiljøet, og å iverksette naudsynte førebyggjande eller forbetrande tiltak for å sikre god eller svært god miljøtilstand.

b) Vedtekne miljømål og føreslegne tiltak i regionen

For vassdrag påverka av sur nedbør har Miljødirektoratet og Statsforvaltaren samarbeida for å sikre at det er samsvar mellom handlingsplanen for kalking og regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram.

I vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion er sur nedbør oppgitt å være blant dei største menneskeskapte påverknadene på vatnet.

c) Direktoratet si vurdering

Det er samsvar mellom handlingsplanen for kalking og regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram. Man vil ikkje kunne nå miljømålet basert på tiltak i internasjonale avtalar i den komande planperioden, og kalking må oppretthaldast der dette føregjeng. Dette vil si at det etter Miljødirektoratet si vurdering vil vere behov for utsett frist for å nå miljømåla ut over kommande planperiode, som allereie ligg inne i Vann-Nett og dei regionalt vedtekne planane.

Miljødirektoratet meiner det er et stort behov for å auke midlar til gjennomføring av kalking. Dette for å sikre den biologiske gevinsten som er bygd opp over meir enn 25 år, og fordi kortvarige kutt vil gje langvarige konsekvensar for laksevassdraga våre.

d) Departementet si vurdering

Auka midlar til gjennomføring av kalking vil vurderast i dei ordinere budsjettprosessane. Når det gjeld avtalte utsleppsreduksjonar gjennom internasjonale avtalar som ikkje er tilstrekkelege for å unngå forsuringsskader, viser departementet til det pågåande arbeidet med å evaluere effektane av Göteborgprotokollen. Evalueringa vil gjeve grunnlag for mogelege forhandlingar om nye forpliktingar om utsleppsreduksjonar.

Departementet gjer ingen endringar i planen på området.

3.9 Badevatn og drikkevatt

a) Nasjonale føringar og presiseringar

Vassførekomstar identifisert som drikkevasskjelder skal beskyttast mot forringing, slik at omfanget av reinsing ved produksjon av drikkevatt reduserast, som angitt av de nasjonale føringane for arbeidet med oppdateringa av vassforvaltningsplanane (2019). Omsynet til, og tiltak for å beskytte slike vassførekomstar, skal avklarast gjennom dei regionale vassforvaltningsplanane.

Kommunane skal ivareta omsynet til drikkevatt i arealdelen til kommuneplanar, ved å avsetje omsynssoner med tilhøyrande planavgjerdsjar. Mattilsynet er høyringsinstans og har rett til motsegn til slike planer. Omsynet til drikkevasskjelder er også regulert gjennom drikkevattforskrifta. Eigar av vassverk, som i de fleste tilfelle er kommunen, er forplikta til å gjennomføre farekartlegging og vurdere tiltak for beskyttelse for råvasskjelder. Ved vurdering av kvalitet for badevatn oppmodast det til kommunar å bruke Normer for friluftsbad.

Miljødirektoratet har utarbeida vegleing om beskytta område, og saman med relevante direktorat utvikla kartløysningar der kommunane kan registrere kjelder for drikkevatt og badeplassar med tilhøyrande beskyttande tiltak.

I 2019 sendte Miljødirektoratet brev til kommunane om registrering av badeplassar i den nye innmeldingsløysinga og i 2020 sendte Miljødirektoratet og Mattilsynet brev til kommunane om registrering av omsynssoner for drikkevatt i den nye innmeldingsløysinga. I tillegg har Folkehelseinstituttet utarbeida eit forslag til kriteriesystem for drikkevatt (råvatn), både for overflatevatn og grunnvatn, med sikte på innfasing i klassifiseringssystemet i neste planperiode.

b) Vedtekne miljømål og føreslegne tiltak i regionen

Godkjenningsdokumenta i 2016 peikte på at vassforvaltningsplanane den gong ikkje innehalde ei oversikt over dei beskytta vassførekomstane, det rettslege grunnlaget for statusen som beskytta område, eller særlege miljømål med utgangspunkt i grunnlaget for vern.

Det er meir fokus på drikkevatt og badevatn i dei oppdaterte vassforvaltningsplanane enn det var i førre runde. Mattilsynet har bidrege til dei regionale vassforvaltningsplanane med beskrivingar av status på drikkevassområde og med beskriving av beskyttande tiltak.

Arbeidet med å få registrert omsynssoner for drikkevatt og badeplassar/badevasskvalitet er nemnt i planane og vassregionmyndigheitene har oppfordra dei kommunar som ikkje har registrert sine omsynssoner og badeplassar til å gjere det.

c) Direktoratata si tilråding

Sjølv om drikkevatt og badevatn er betre beskrive i denne utgåva av vassforvaltningsplanane er det framleis manglar. På drikkevassområdet ville det ha vore ei forbetring dersom Mattilsynet i større grad bruker vassforskrifta i samband med beskyttelse av råvasskjelder, og at arbeid etter drikkevassforskrift og plan- og bygningslov vert synleggjort på eit systematisk

vis frå Mattilsynet sin side. Nokre av manglane skyldast at direktorata ennå ikkje har fått på plass eit kriteriesystem med miljømål for drikkevasskjelder. Kommunane må fram til då komplettere innregistreringen av omsynssonar og badeplassar i innmeldingsløysingane.

d) Departementet sine vurderingar og endringar

Departementet understrekar viktigheita av at arbeidet med å beskytte drikkevasskjelder og badevatn intensiverast, slik at krav i mellom anna regelverk og nasjonale føringar vert oppfylt. Departementet gjer ingen endringar i planen på området.

3.10 Særskilt om andre tema i vassforvaltninga

Andre tema som er omtalt i fleire av dei regionale vassforvaltningsplanane med tiltaksprogram omfattar mellom anna restaurering, tiltak mot plastforsøpling og mikroplast og kommunal arealplanlegging.

Restaurering av andre vassdragsinngrep

Det er ikkje gjeve eigne nasjonale føringar for restaurering av vassdrag. I 2015 fekk likevel Miljødirektoratet i oppdrag frå departementet å opprette eit restaureringsprosjekt under Direktoratsgruppen for vassforvaltning, for å styrkje samarbeidet om restaurering og leggje til rette for gjennomføring av norsk satsing på restaurering. Prosjektet har deltaking frå både statlege myndigheiter, vassregionmyndigheiter, statsforvaltarar og kommunar.

I 2020 vart dette følgt opp med eit oppdrag om å utarbeide eit forslag til strategisk plan for restaurering av vassdrag for perioden 2021-2030, for å bidra til oppfylling av Noreg sine forplikingar etter vassdirektivet, i synergi med arbeidet med dei regionale vassforvaltningsplanane. Strategiens mål-år 2030 svara til mål-åra for FNs berekrafts-delmål 6.6 og 15.1 og restaurering av ferskvatnets økosystem, FNs tiår for restaurering, og EUs biodiversitets-strategi med mål om restaurering av 25.000 km vassdrag med tilhøyrande flaumsonar og våtmarker for å oppfylle vassdirektivets mål. Strategien er òg ein oppfølging av Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14, 2015-2016) som peiker på at forbetring av tilstand i samhøve med vassforvaltningsplanane er eit av dei viktigaste tiltaka for å følgje opp det internasjonale målet om å restaurere minst 15 % av forringa økosystem.

Direktoratsgruppa sitt forslag til nasjonal strategi for restaurering av vassdrag 2021-2030 vart overlevert departementet i september 2021. Forslaget til målsetting er å restaurere minst 15 % av forringa vassdrag i Noreg i perioden 2021-2030, og reversere den negative trenden slik at vi i 2030 restaurerer vassdrag i en høgare takt enn vassdrag forringast. Det vart i forslaget til strategi foreslått å følgje opp med ein dynamisk handlingsplan som oppdaterast årleg, som kan peike på kandidatvassdrag eigna for heilskapleg restaurering, og som inneheld konkrete tiltak innan dei tre innsatsområda. Departementet har gjeve si tilslutning til den føreslegne strategien for restaurering av vassdrag, og gjeve Miljødirektoratet klarsignal til å gå vidare med å utarbeide ein handlingsplan.

Det er foreslått ein rekkje restaureringstiltak i dei regionalt vedtekne oppdaterte planane. Tiltaka omfattar både restaureringstiltak knytt til vasskraft, samferdsel og landbruk, og

restaurering av andre vassdragsinngrep. Direktoratata anslår at det totale talet på restaureringstiltak i dei oppdaterte planane er omlag 1600 tiltak.

Departementet viser til at direktorata i si tilråding informerer om at dei i forbindelse med restaureringsprosjektet under direktoratsgruppa vil sjå nærare på tiltaka som er foreslått i planane for å bruke dette som eit av utgangspunkta for ein nasjonal handlingsplan som skal utarbeidast. Departementet viser òg til at direktorata nemner at det i restaureringsprosjektet vil vere viktig med størst mogleg synergi med arbeidet med oppdatering av vassforvaltningsplanane, og at det vil vere ein fordel om vassforvaltningsplanane på ein tydeleg og oversiktleg måte bidreg til å synleggjere kvar det er foreslått restaureringstiltak.

Vassregionmyndigheitene har i sitt fellesinnspill ynskjer om auka og betre innretta tilskotsordningar for å restaurere vassdrag, og etterlyser òg fleire verkemiddel for å ivareta og restaurere kantsoner.

Når det gjeld tilskotsordningar viser departementet til tilskotsordninga «*Tilskot til vassmiljøtiltak – generell vassforvaltning*», der miljøforbetrande tiltak og særleg restaureringstiltak med formål å betre miljøtilstanden i vatn er høgt prioritert. Tilskotsordninga var i 2021 og 2022 på rundt 23 mill. kroner. Der det er ein ansvarleg tiltakshavar blir det ikkje gjeve tilskot etter ordninga, da det i utgangspunktet er tiltakshavar sjølv som skal ta kostnaden med å gjennomføre tiltak og undersøkingar etter forureinarbetaler prinsippet. Departementet viser vidare til at det finst ei rekke andre finansieringsordningar for restaurering av vassdrag, som går fram av vedlegg 1 til den nasjonale restaureringsstrategien.

Direktorata anbefaler i si tilråding departementet om å vurdere ei auka satsing på tilskotsordninga for å restaurere vassdrag. Departementet tek innspelet med seg inn i dei ordinere budsjettprosessane.

Når det gjeld vassregionens innspel knytt til kantsoner, viser departementet, som direktorata i si tilråding, til den aukande oppmerksemd om kantsonenes betydning for heilskapleg forvaltning av vassdraga. Det har dei siste åra mellom anna kome på plass ein vegleiar frå NVE, Vegleiar nr 2-2019 *Kantvegetasjon langs vassdrag*, og tydelegare signaler, sjå mellom anna Vannportalen.no: [Kantvegetasjon i regionale vannforvaltningsplaner og kommunal arealplanlegging](#). Departementet viser òg til at direktorata nemner at kantsoner òg vil bli eit naturleg element i den vidare oppfølginga av nasjonal strategi for restaurering av vassdrag.

Plastforureining – plastavfall og mikroplast i miljøet

Noregs politikk overfor plastforureining vart sist presentert samla i Noregs plaststrategi som lagt fram i august 2021. Den beskriv prioriterte tiltak og verkemiddel både nasjonalt og internasjonalt, og under dei ulike sektorane. Her forklarast og kva som meinast med plastforureining og plastforsøpling. Rettsleg sett kan plastavfall på avveggar vere både forsøpling og/eller forureining i forureiningslovas forstand. Generelt nyttast omgrepet plastforureining som eit samleomgrep både for plastavfall og mikroplast i miljøet. Omgrepet

forsøpling (marin forsøpling – forsøpling av kyst og hav) brukast om både plastavfall og annet avfall i miljøet.

Plastforureining er inkludert i dei regionale vassforvaltningsplanane for planperiode 2022-2027, som eit hovudtema eller ei prioritering i dei fleste regionane. Per i dag har ein ikkje kvalitetselement i vassforskrifta som er knytt til plastforureining (verken makro- eller mikroplast), difor er det ikkje mogeleg å inkludere dette i vurdering av tilstand eller vasskvalitet. Det vil ta tid å avgjere om og på kva måte plastforureining skal takast inn i arbeidet med vassforskrifta. Miljødirektoratet vil på sikt utarbeide anbefalingar om kva kvalitetselement tiltaka mot plast skal knytast til. Miljødirektoratet la i 2020 til rette for at frivillige tiltak mot makro- og mikroplast kan registrerast i Vann-Nett, utan at det knytast til kvalitetselementar, som eit pilotprosjekt. Difor er òg enkelte tiltak mot plast registrert for planperioden 2022-2027.

Direktorata viser til at fleire fylker og høyringspartar har kome med konkrete forslag knytt til plastforsøpling. Dette gjeld både juridiske og økonomiske verkemiddel. Direktorata ser at det for ein del av temaa finnast eit handlingsrom innanfor eksisterande juridiske verkemiddel som ikkje er fullt ut teke i bruk. Miljødirektoratet har bidrege med ein generell tekst om plast til tiltaksprogrammet og vassforvaltningsplanane, som er teke til følge i alle regionane.

Departementet viser til at sjølv om det ikkje er innført noko kvalitetsmål under vassforskrifta, kan tiltak under vassforvaltningsplanane vere nyttig bidrag til reduksjon og førebygging av plastforureining både i vassførekomstane og samla på regionalt og nasjonalt nivå.

Departementet viser til at arbeidet mot plastforureining har høg prioritet i regjeringa. Fleire tiltak har nyleg kome på plass og fleire er under førebuing. Under nemner vi nokre av dei som vi vurderer kan vere av særleg relevans ut frå høyringsinnspel og direktoratas oppsummering.

Senter mot marin forsøpling, Marfo, vart 1. januar 2022 ein etat under Klima- og miljødepartementet. Marfo har mellom anna ansvar for dei digitale nettbaserte verktøya Rydd og Rent Hav, som skal vere hjelpemiddel for myndigheiter og andre i oppryddingsarbeidet. Marfo har i 2022 opprette eit nasjonalt samhandlingsråd innan opprydding, der statsforvalterane er representert gjennom Statsforvaltaren i Agder og Statsforvaltaren i Troms og Finnmark.

Vassregionmyndigheitene ber i sitt felles innspill om «økte og bedre innrettede tilskudd til rydding langs kyst og vassdrag». Marfo evaluerer i 2022 innretninga av tilskotsordninga for tiltak mot marin forsøpling, og utreier moglege tiltak for styrka samordning og logistikk rundt opprydding, etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet. Departementet arbeider òg med ei meir heilskapleg vurdering av midlane på dette området i lys av både statlege og private kjelder.

Departementet viser til at Miljødirektoratet har starta fyrste del av eit nasjonalt program for overvaking av mikroplast i vassmiljøet som skal utviklast vidare. Fleire kartleggings- og overvakingstiltak i Noreg bidreg med data som er relevante for overvaking av plastavfall i

miljøet. Miljødirektoratet vurderer nå også korleis dette kan dragast nytte av i oppretting av eit nasjonalt program òg for overvaking av makroplast i miljøet.

Fiskeridirektoratet la vidare i mars 2021 fram ein handlingsplan som omfattar mange viktige tiltak mot marin forsøpling både frå fritidsfiske, fiskeri og akvakultur. Status rapporterast på Fiskeridirektoratets heimesider. Fleire av tiltaka er veldig konkrete, og aktuelle òg for ferskvassførekomstar i tillegg til kyst og hav.

I høyringsprosessen har det òg kome innspel om tiltak overfor landbruksplast. Klima- og miljødepartementet vedtok nyleg krav til utsortering og materialgjenvinning av landbruksplast. Det er aktuelt for Landbruksdepartementet å vurdere ytterlegare tiltak overfor landbruksplast i samarbeid med Klima- og miljødepartementet.

Kommunal arealplanlegging

Departementet vil også nemne ei del forhold knytt til kommunal arealplanlegging. Dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdateringa av vassforvaltningsplanane (2019) kapittel 2 angjev at kommunen si arealplanlegging er svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vatn. Gjennom arealplanlegginga kan kommunen setje restriksjonar på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøar, fjordar og sjøområde, inkludert vassmiljø.

Departementet har også kome med ei presisering om kommunanes oppgåver og ansvar i vassforvaltninga, i april 2021. I presiseringa peikast det mellom anna på vassområdekoordinatorane som ein felles ressurs og kompetanse for kommunane i vassområda, som hjelper kommunane med deira ansvar og oppgåver i vassforvaltninga, og bidreg til bred deltaking og god informasjon.

Miljødirektoratet skal utgjeve ein vegleiar om vassmiljø i arealplanlegging, og har utgjeve ein vegleiar om vassmiljø i konsekvensutredning. Mattilsynet har utgjeve ein temavegleiar om omsyn til drikkevatt i kommunalt, regionalt og statleg samarbeid. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 er det ei tydeleg forventning om at fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til og beskyttar drikkevasskjelder i sin planlegging, slik at behovet for reinsing ved produksjon av drikkevatt reduserast.

Fylkeskommunane har innarbeida tilnærma like retningslinjer for kommunanes arealplanlegging i dei regionale vassforvaltningsplanane. Dette er viktig for å unngå at endra arealbruk og nye tiltak bidreg til at miljømåla ikkje nås.

Direktorata vurderer at regionale planretningslinjer kan vere eit godt grep for å løfte fram vassforvaltningsplanens betydning for kommunal arealplanlegging, og dermed bidra til auka måloppnåing. Regionale retningslinjer er ikkje juridisk bindande men fleire av punkta følgjer av eksisterande lover, forskrifter og statlege planretningslinjer.

Klima- og miljødepartementets reviderte vegleiar for vassforskrifta § 12, presiserer at paragrafen kjem til bruk også ved utarbeiding og behandling av kommune(del)plan, regional plan og statleg arealplan. Vurderingane av villkåra i § 12 bør føretakast tidleg i ein

planprosess, slik at omsynet til vassmiljøet blir tatt i betraktning ved utarbeiding av planforslag.

Vassregionmyndighetene seier i sitt felles innspel at det er behov for innlemming av handtering av overvatn og vassmiljø i kommunale planer, vegleiing knytt til klimatilpassing og handtering av overvatn, og ein nasjonal eksempelsamling på korleis det skal planleggast langs vassdrag og sjøområde for å ivareta godt vassmiljø. Direktoratgruppen for vassforvaltning planlegg å arbeide med tverrsektoriell vegleiing om vassmiljø i arealplanlegging og med ein eksempelsamling om bruk av § 12.

Vassregionmyndighetene uttrykker òg at det er meldt behov for eit finansieringssystem for handtering av overvatn. Fleire av desse spørsmåla var tema i NOU 2015: 16 *Overvann i byer og tettsteder – Som problem og ressurs*. NOU-en vart følgt opp med forslag til endringar i plan- og bygningslova, byggteknisk forskrift, forureiningslova og vass- og avløpsanleggslova. Forslag til endringar i forureiningslova og vass- og avløpsanleggslova vart sendt på høyring i mars 2020 og er til behandling i Klima- og miljødepartementet. Forslag til endringar i plan- og bygningsloven vart sendt Stortinget i juni 2022. Kommunal og distriktsdepartementet vil vedta endringar i byggesaksforskrifta og byggteknisk forskrift før lovendringane trer i kraft.

4. Økonomiske og administrative konsekvensar

Vassforvaltningsplanen skal innehalde eit samandrag av den økonomiske analysen av vassbruk som er påkravd i vassforskrifta § 15, jf. vedlegg III, og skal mellom anna innehalde ei vurdering av den mest kostnadseffektive kombinasjonen av tiltak som skal inngå i overslag over potensielle kostnader i tiltaksprogrammet, jf. vassforskrifta § 25.

Mange sektormyndigheiter har i oppdateringa av vassforvaltningsplanane forsøkt å leggje inn kostnadsanslag, samt beskriving av samfunnsmessig og miljømessig nytte, og det føreligg no kostnadsanslag for ein betydeleg større del av tiltaka enn i 2016. Tross i at det no er meir samanheng mellom påverknad og tiltak, og ei betre beskriving av kostnad og nytte, er det framleis ikkje gjeve eit fullstendig bilete over kostnadane for tiltaksgjennomføring.

Departementet vil i denne samanheng understreke at heimlane for å gjennomføre dei miljøforbetrande tiltaka er nedfelte i eksisterande lovgjeving. Dette omfattar både grunnleggande tiltak som følgjer av gjeldande lover og forskrifter, og eventuelle supplerande tiltak som er naudsynt for å oppfylle miljømåla. Vassforskrifta set rammer for vassforvaltninga, men ho endrar ikkje gjeldande ansvarsdeling mellom dei ulike sektormyndigheitene. Det er sektormyndigheitene som, innanfor sine ansvarsområde, har ansvar for å utgreie tiltaka og premissane for fastsetjing av miljømål. I sektormyndigheitene si etterfølgjande sakshandsaming etter relevant regelverk vil det bli gjort ytterlegare avklaringar og grundigare og meir konkrete vurderingar av dei samla fordelane og ulempene ved dei enkelte tiltaka før endeleg avgjerd om eventuell tiltaksgjennomføring vert teke. Det kan då vise seg at alternative tiltak er betre eigna for å oppnå miljømålet. Det kan òg vise seg at tiltak ikkje kan gjennomførast, då dei ikkje er eigna eller har ein for høg samfunnskostnad i forhold til nytten for samfunnet, eller at fleire av de føreslegne tiltaka ikkje er eigna for å oppnå miljømålet.

I dei tilfella det er trong for nye verkemiddel, til dømes nytt eller endra regelverk, vil konsekvensane vurderast på vanleg måte i samband med den konkrete prosessen for innføringa, som skjer i eigne løp.

Forslag til tiltak ut over det som er fastsett i eller i medhald av gjeldande lover og forskrifter, og vassregionanes påvising av manglande verkemiddel, er grunnlag for sektormyndigheitenes vidare prioriteringar og avgjerd om tiltak i planperioden.

Planen føreslår ei rekkje tiltak der det er meldt behov for statleg finansiering. Prioritering og eventuell tildeling av ressursar blir vurdert gjennom dei årlege budsjettprosessane. Dette må sjåast i samanheng med dei respektive sektormyndigheitene si sakshandsaming og endelege avgjerd om tiltak.

Gjennomføring av tiltak for å nå miljømåla vil krevje auka kapasitet til sakshandsaming og medføre administrative konsekvensar for ansvarlege sektormyndigheiter.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 8-4 jf. vassforskrifta § 29, godkjenner Klima- og miljødepartementet, i samsvar med endringane i vedlegg 2-3, regional plan for vassforvaltning i vassregion Vestland for planperioden 2022-2027 som er vedteken av fylkestinga.

Med helsing

Espen Barth Eide

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje handskrevet signatur.

Kopi:

Berørte departement

Berørte direktorat


Statsforvalterne

Øvrige fylkeskommunar

Kommunane

2080

Vedlegg 1 – oversikt over Noregs vassregionar:



Vedlegg 2 - vassførekomstar med miljømål som kan medføre krafttap:

Departementet har i dette vedlegget ført opp dei vassførekomstane med miljømål som ved dette vedtaket er godkjende som høgare enn dagens tilstand og som treng nye tiltak som kan føre med seg tap av kraftproduksjon for å oppfylle miljømålet. Lista gjev også godkjend bruk av tidsutsetjing. For andre vassførekomstar prega av vasskraftproduksjon med miljømål som forutsett krafttap, vert miljømålet med dette vedtaket endra til dagens tilstand.

Vass- førekomst ID	Vassførekomst- namn	Naturleg /SMVF	Økologisk tilstand/ potensial	Miljømål	Frist for måloppnåing
050-141-R	Sima anadrom strekning	SMVF	MØP	GØP	2027
050-142-R	Sima oppstrøms anadrom strekning	SMVF	MØP	GØP	2027
050-104-R	Bjoreio dam Tveito - Eidfjordvatnet	SMVF	DØP	GØP	2027
050-105-R	Bjoreio overføring fra Sysenvatnet - dam Tveito	SMVF	MØP	GØP	2027
063-190-R	Eksingedalsvass draget - midtre Lavik-Nese	SMVF	MØP	GØP	2027
063-193-R	Eksingedalsvass draget - midtre Bergo-Lavik	SMVF	GØP	GØP	2027
063-59-R	Grøndalselvi	SMVF	MØP	GØP	2027
063-181-R	Eksingedalsvass draget - nedre Storelva/Ekso	SMVF	DØP	GØP	2027
062-71-R	Teigdalselvi	SMVF	DØP	GØP	2027
067-182-R	Matreselva nedre del	SMVF	MØP	GØP	2033
064-388-R	Moelva nedstrøms inntak Hellandsfossen kraftverk	SMVF	DØP	GØP	2033
072-100-R	Aurlandselvi/Va ssbygdelvi	SMVF	DØP	GØP	2027
072-101-R	Aurlandselvi, nedre	SMVF	MØP	GØP	2027
072-148-R	Furedøla elv fra Store Furedalen - Midjeelvi	SMVF	MØP	GØP	2027
072-149-R	Kleåelvi - Midjeevli	SMVF	MØP	GØP	2027

070-133-R	Vikja nedstrøms inntak Hove kraftverk	SMVF	MØP	GØP	2027
070-135-R	Vikja inntak Målset kraftverk - inntak Hove kraftverk	SMVF	MØP	GØP	2027
070-20-R	Vikja, nedre del	SMVF	DØP	GØP	2027
070-193-R	Dalselvi i Framfjorden	SMVF	MØP	GØP	2027
070-73-R	Hopra til Vikøyri	SMVF	DØP	GØP	2027
073-75-R	Lærdalselvi nedre del (fra Stuvane)	SMVF	MØP	GØP	2033
084-26-R	Jølstra	SMVF	MØP	GØP	2033
076-48-R	Jostedøla nedre	SMVF	DØP	GØP	2033
080-192-R	Bøelva	SMVF	DØP	GØP	2033
080-188-R	Lølandselva	SMVF	SDØP	GØP	2033
078-107-R	Vetlefjordelvi øvre del	SMVF	SDØP	SDØP	2033
078-108-R	Vetlefjordelvi midtre del	SMVF	MØP	GØP	2033
078-27-R	Vetlefjordelvi nedre del	SMVF	MØP	GØP	2033

SMVF: sterkt modifisert vassforekomst **GØT:** god økologisk tilstand **GØP:** godt økologisk potensial

MØT: moderat økologisk tilstand **MØP:** moderat økologisk potensial **DØT:** dårleg økologisk tilstand

DØP: dårleg økologisk potensial **SDØT:** svært dårleg økologisk tilstand **SDØP:** svært dårleg økologisk potensial

Vedlegg 3 - vassforekomster med miljømål som kan medføre andre tiltak i vasskraftsektoren:

Vassforekomst ID	Vassforekomst-namn	Naturleg /SMVF	Økologisk tilstand/potensial	Miljømål
042-21-R	Bläelva - Fjellhaugvatn til sjøen	SMVF	DØP	GØP
045-79-R	Melselva nedstrøms inntak Rosendal kraftverk	SMVF	DØP	GØP
045-80-R	Melselva oppstrøms inntak Rosendal kraftverk	SMVF	DØP	GØP
046-109-R	Bondhuselva	Naturlig	DØT	GØT
047-1697-L	Dravladalsvatn	SMVF	MØP	GØP
050-106-R	Isdølo Isdalsvatnet - Bjoreio	SMVF	SDØP	GØP
050-141-R	Sima anadrom strekning	SMVF	MØP	GØP
051-13-R	Nedre Austdøla	SMVF	MØP	GØP
051-1921-L	Langavatnet	SMVF	MØP	GØP
051-40-R	Tysso nedstrøms inntak Ulvik I	SMVF	MØP	GØP
051-6-R	Norrdøla nedre	SMVF	DØP	GØP
052-137-R	Botnaelvi	SMVF	MØP	GØP
052-2011-L	Karaldevatnet	SMVF	MØP	GØP
052-2012-L	Bjølsegrøvatnet	SMVF	MØP	GØP
052-2015-L	Krokavatnet	SMVF	MØP	GØP
052-2479-L	Krokavatn	SMVF	MØP	GØP
055-287-R	Tysseelva inntak - utløp Tyssefossen kraftverk	SMVF	DØP	GØP
055-288-R	Tysseelva oppstrøms Tyssefossen kraftverk	SMVF	DØP	GØP
060-54-R	Herlandselva	SMVF	DØP	GØP
062-387-R	Raundalselva nedstrøms Palmafoss kraftverk	Naturlig	SDØT	GØT
062-388-R	Raundalselva Sarpen - Palmafoss kraftverk	Naturlig	SDØT	GØT
062-71-R	Teigdalselvi	SMVF	DØP	GØP
063-59-R	Grøndalselvi	SMVF	MØP	GØP
064-388-R	Moelva nedstrøms inntak Hellandsfossen kraftverk	SMVF	DØP	GØP
064-390-R	Moelva inntak Hellandsfoss kraftverk - inntak Hellandsfossen kraftverk	SMVF	MØP	GØP
064-392-R	Moelva oppstrøms inntak Hellandsfoss kraftverk	SMVF	MØP	GØP
067-182-R	Matreselva nedre del	SMVF	MØP	GØP
067-2126-L	Svartavatn	SMVF	MØP	GØP
067-2128-L	Smalavatnet / Langavatnet	SMVF	MØP	GØP
069-35-R	Østerbøelva	SMVF	MØP	GØP

070-133-R	Vikja nedstrøms inntak Hove kraftverk	SMVF	MØP	GØP
070-135-R	Vikja inntak Målset kraftverk - inntak Hove kraftverk	SMVF	MØP	GØP
070-1463-L	Store Muravatnet	SMVF	MØP	GØP
070-1465-L	Skjellingavatnet	SMVF	MØP	GØP
070-1468-L	Kvilesteinsvatnet	SMVF	MØP	GØP
070-193-R	Dalselvi i Framfjorden	SMVF	MØP	GØP
070-20-R	Vikja, nedre	SMVF	DØP	GØP
071-43-R	Nærøydalselvi	Naturlig	MØT	GØT
072-101-R	Aurlandselvi nedre	SMVF	MØP	GØP
072-1498-L	Veslebotnvatn	SMVF	MØP	GØP
072-1499-L	Vestredalsvatn /Øv. og N. Vestredalstjernene	SMVF	MØP	GØP
072-1503-L	Store Vargevatn	SMVF	MØP	GØP
072-1506-L	Kreklevotni	SMVF	MØP	GØP
072-1517-L	Svartavatn	SMVF	MØP	GØP
072-1518-L	Nedre Millomvatn	SMVF	MØP	GØP
072-16032-L	Øyestølsvatnet	Naturlig	MØT	GØT
072-16070-L	Nedre Berdalsvatn	SMVF	MØP	GØP
072-28972-L	Langavatn Stonndøla / Adamsvatn	SMVF	MØP	GØP
072-3868-L	Katlavatn / Øykjabakkvatn / Storavatn	SMVF	MØP	GØP
073-1560-L	Eldrevatn / Tjørni	SMVF	MØP	GØP
073-15613-L	Nedre Bjordalsvatnet	SMVF	MØP	GØP
073-1563-L	Kvevotni / Flogrunnvotni	SMVF	MØP	GØP
073-75-R	Lærdalselvi nedre	SMVF	MØP	GØP
073-76-R	Lærdalselvi, øvre	SMVF	MØP	GØP
074-121-R	Hæreidselvi	Naturlig	DØT	GØT
074-1572-L	Torolmen	SMVF	MØP	GØP
074-1576-L	Heimre Krekavatnet (Krækjavatn)	SMVF	MØP	GØP
074-1578-L	Mannsbergvatn	SMVF	MØP	GØP
074-1583-L	Kyrkjevotn	SMVF	MØP	GØP
074-177-R	Storelvi Øvre Årdal	SMVF	DØP	GØP
075-133-R	Eidselvi	Naturlig	DØT	GØT
075-134-R	Fortundalselva - nedre del	SMVF	DØP	GØP
075-1594-L	Øvre Grønevatnet	SMVF	MØP	GØP

075-1595-L	Øvre Hervavatnet	SMVF	MØP	GØP
075-24-R	Fortundalselva, øvre	SMVF	DØP	GØP
076-825-L	Tunsbergdalsvatnet	SMVF	MØP	GØP
077-112-R	Årøyelvi anadrom	SMVF	MØP	GØP
078-27-R	Vetleffjordelvi nedre del	SMVF	MØP	GØP
079-43-R	Daleelva	SMVF	DØP	GØP
080-188-R	Lølandselva	SMVF	SDØP	GØP
080-191-R	Elv fra Staurdalsvatnet	SMVF	DØP	GØP
080-192-R	Bøelva	SMVF	DØP	GØP
084-26-R	Jølstra	SMVF	MØP	GØP
084-3-R	Stongselva	SMVF	DØP	GØP
086-127-R	Riseelva	SMVF	MØP	GØP
087-14-R	Gloppeelva	Naturlig	SDØT	GØT
087-153-R	Storelva nedstrøms utløp Innvik kraftverk	SMVF	MØP	GØP
087-154-R	Storelva inntak - utløp Innvik kraftverk	SMVF	MØP	GØP

SMVF: sterkt modifisert vassførekomst **GØT:** god økologisk tilstand **GØP:** godt økologisk potensial

MØT: moderat økologisk tilstand **MØP:** moderat økologisk potensial **DØT:** dårleg økologisk tilstand

DØP: dårleg økologisk potensial **SDØT:** svært dårleg økologisk tilstand **SDØP:** svært dårleg økologisk potensial

